

FORPROSJEKT FOR STUDIEPORTEFØLJEN VED DET HUMANISTISKE FAKULTET

Rapport frå arbeidsgruppa

I sak 28/22 handsama fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet ei sak om studieporteføljen ved HF. Eit posisjonsnotat frå dekanatet låg til grunn for handsaminga. Notatet tok opp fleire av dei utfordringane som knyter seg til studieprogramporteføljen ved fakultetet. Dette gjeld for det første det store omfanget på studieprogram- og emneporteføljen. HF tilbyr i alt 64 studieprogram og over 700 emne. Vidare vart det stilt spørsmål om studieporteføljen ved HF er økonomisk berekraftig. Endeleg problematiserte notatet HF sin studieportefølje i lys av den overordna utviklinga i utdanningssektoren i Noreg og internasjonalt dei siste tiåra. I notatet vart det argumentert for at undervisningsressursane ved HF ikkje vert forvalta på ein berekraftig måte. Utgangspunktet for ei vidareutvikling av programporteføljen «må difor vera at talet på studieprogram og emne som vert tilbydde ved fakultetet må reduserast og at det må gjerast noko med samansetjinga og oppbygginga av studieprogramporteføljen.»

Fakultetsstyret slutta seg til analysane i posisjonsnotatet, og vedtok at dekanen fekk i fullmakt å utforma eit meir detaljert mandat for forprosjektet og setja saman ei arbeidsgruppe. Resultatet frå forprosjektet skal leggjast fram for fakultetsstyret.

Dekanen utforma følgjande mandat:

- Forprosjektet skal utarbeida eit kunnskapsunderlag og gje ei retning for det vidare arbeidet med studieporteføljen ved HF og å identifisera interne og eksterne hovudutfordringar i utviklinga av fakultetet sin studieportefølje. Ein sentral del av forprosjektet vil vera å perspektivera studieporteføljen komparativt, både for å identifisera særdrag og særskilte utfordringar ved HF og for å drøfta og synleggjera korleis vår eigen portefølje kan utviklast vidare.
- Forprosjektet skal gje eit oversyn over utviklinga i talet på studieprogram og -emne på fakultetet over tid. Vidare skal det gjevast eit oversyn over rekruttering og gjennomføring ved ulike program. Det vil òg vera relevant å sjå på innslag av studentar frå andre program på ulike emne, og kor mange av desse som fullfører.

- Forprosjektet skal drøfta eksplisitt kva potensiale for tverrfaglege studieprogram som finst ved HF, samt tilhøvet mellom disiplinleg og tematisk innretning på studieporteføljen. Forprosjektet skal òg drøfta kva potensiale som ligg i å vidareutvikla EVU-innslaget i studieporteføljen ved fakultetet. Ein sentral del av forprosjektet vert å drøfta korleis endringar i studieporteføljen best kan forankrast i fagmiljøa og korleis prosessane knytt til dette bør gripast an vidare.

Arbeidsgruppa har vorte leia av Svein Ivar Angell, visedekan for utdanning og internasjonalisering ved HF. Gruppa har hatt desse medlemmene:

Ingunn Lunde, professor i russisk (IF)

Heming Gujord, professor i nordisk fagdidaktikk/litteratur og undervisningskoordinator (LLE)

Steinar Bøyum, professor i filosofi og instituttleder (FoF)

Ines Prodöhl, førsteamanuensis i økonomisk historie (AHKR)

Hanne Svanholm Misje, studieadministrasjonen ved HF

Julie Tønsaker, studieadministrasjonen ved HF

Axel Leegaard (studentrepresentant)

I tillegg har Ellen Vikersveen, studieadministrasjonen ved HF, bistått gruppa med relevant talmateriale.

Arbeidsgruppa har hatt i alt 7 digitale møte. Denne arbeidsforma vart valt ut frå effektivitetsomsyn, men òg fordi det gav høve til å invitera inn eksterne deltakarar ved behov.

Forprosjektet må sjåast i samanheng med andre prosessar som er initierte av dekanatet ved HF. Dette gjeld arbeidet med fagleg bemanningsplan, UiB Fram og strategi for Det humanistiske fakultet. Forprosjektet må òg sjåast i samanheng med arbeidet for ein redesign av lektorutdanninga ved UiB, som vart initiert av universitetsstyret i 2021.

Arbeidsmåte og tolking av mandat

Forprosjektgruppa har tolka mandatet sitt nettopp i lys av dette er eit *forprosjekt*. Difor har vi ikkje teke mål av oss å utarbeida eit framlegg til ny studieprogramportefølje ved det Det

humanistiske fakultet. Omfanget av og ressursane vi har hatt til rådvelde i arbeidet har heller ikkje på noko vis tilsagt at dette skulle vera mogleg. Oppgåva har primært vore å utarbeida eit kunnskapsunderlag og identifisera dei alternative prioriteringane som fakultetet må ta stilling til når ein skal meisla ut dei strategiske vegvala i utviklinga av studieprogramporteføljen framover.

Arbeidet i gruppa har vore organisert ved at ein på kvart møte har diskutert særskilte tema innanfor mandatet, med utgangspunkt i ein presentasjon. Tema for møta gjenspeglar i stor mon kva arbeidsgruppa har lagt vekt på, og korleis mandatet har vorte tolka. Utgangspunktet for gruppa sitt arbeid var å perspektivera HF sin studieportefølje i lys av overordna utviklingsdrag i sektoren dei siste tiåra, og dette var tema på det første møtet. På det andre møtet vart gruppa presentert for ein gjennomgang av søkjartal, møtt-tal (både absolutte og relative) og gjennomføringstal ved HF dei siste ti åra. På møte nummer tre innleia Steinar Bøyum om føresetnadar og utgangspunkt hjå dei studentane som HF rekrutterer, og kva perspektiv dette gjev for utviklinga av studieporteføljen. På det fjerde møtet innleia Gunn Enli, prodekan for utdanning ved HF, UiO, om oppbygginga av studieporteføljen der. På det femte møtet delte Leiv Marsteinstedet, instituttstyrar ved Institutt for samanliknande politikk, UiB, nokre tankar om utvikling av tverrfaglege studietilbod i skjeringsfeltet mellom HF og SV.

Arbeidsgruppa har såleis drøfta HF sin studieportefølje med utgangspunkt i dei kontekstane denne er del av, og korleis han reint faktisk har utvikla seg over tid. Vidare har vi drøfta kva prinsipp som kan og bør liggja til grunn for den vidare utviklinga av studieporteføljen i åra frametter. Denne rapporten presenterer såleis først nokre tal og fakta knytt til utviklinga av HF sin studieportefølje. Desse vert så drøfta i lys av korleis fakultetet sjølv har arbeidd med studieporteføljen sin, samt meir overordna og komparative utviklingsdrag i sektoren og samfunnet. Med bakgrunn i dette, presenterer rapporten nokre perspektiv på den vidare utviklinga av studieprogramporteføljen ved HF og løftar fram nokre av dei sentrale spørsmåla fakultetet må ta stilling til.

Humanistisk utdanning i tida

Gjennom kvalitetsreforma i 2004 vart norsk høgare utdanning søkt harmonisert med utdanningssystemet i andre europeiske land. Det mest omfattande innslaget i reforma var at gradstrukturen vart lagt om: BA-graden erstatta den gamle cand. mag-graden, MA-graden

erstatta det gamle hovudfaget og phd.-graden vart innført på doktorgradsnivået. På same tid vart karaktersystemet lagt om frå tal- til bokstavkaraktarar. Kvalitetsreforma var Noreg sitt svar på det som har vore kjent som Bolognaprosessen, som var eit samarbeid mellom utdanningsmyndigheitene i fleire europeiske land. Forutan at denne prosessen tok sikte på å harmonisera utdanningssystema for å fremja internasjonal mobilitet, mynta han på å rusta utdanningssystema for dei krava og utfordringane næringslivet i Europa stod overfor. Fleksibilitet var eitt av nøkkelorda i så måte. Det overordna målet var i røynda å styrkja Europa si konkurransekraft som eit svar på globaliseringa. Denne prosessen hadde på same tid ein sosial dimensjon ved seg: Det var eit mål å heva det samla utdanningsnivået og å gje fleire tilgang til høgare utdanning, samt å leggja meir til rette for utdanning gjennom heile livet.¹

Kvalitetsreforma var såleis uttrykk for korleis norsk høgare utdanningspolitikk vert utforma på bakgrunn av internasjonale utviklingsdrag. I dag vert utdanning i større grad enn før sett som eit middel for å betra statane si internasjonale konkurransekraft. I mykje utdanningshistorisk forskning frå dei seinare åra vert det såleis hevda at det i dag er *konkurransesstaten* heller enn *nasjonalstaten* som dannar ramma for utdanningssystema si utvikling.² Utdanning vert i enda sterkare grad forventta å svara på det som vert sett som arbeidslivet sine samtidige og framtidige behov. Dette er til dømes tydeleg i dei reformene som norsk grunnopplæring har gått gjennom dei siste tiåra. I den nyleg implementerte fagfornyinga er skiljet mellom dei tradisjonelle disiplinfaga gjort utydeleg, og *kompetanse* heller enn *kunnskap* er det samanbindande omgrepet. Denne dreininga er i tråd med tråd med diskursar, verdsett og tankemønster som gjerne går inn under samlenemninga «21st century skills». Førstellinga er at arbeidslivet i framtida vil etterspørja ferdigheiter som «critical thinking, decision-making, problem solving, communication, cooperation, responsibility and creativity.» Dette er dei høvelege ferdigheitene som må til for å “produce effective learners, workers and citizens that can participate in the knowledge economy in future society.»³

I kva grad er humanistisk høgare utdanning tilpassa slike forventningar og krav? Humaniora må seiast å stå i spennet mellom eit tradisjonelt samfunnsoppdrag og nye utviklingstrekk på eit særskilt vis. Opphavet til humaniora var å studera og forvalta den klassiske kulturen. Som disiplinær vaks dei humanistiske faga fram i tett samband med

¹ Sjø t.d. John Biggs & Catherine Tang 2011: *Teaching for Quality Learning at University. What the Student Do*, Society for Research into Higher Education & Open University Press

² Sjø Kim Helsvig 2017, *Reform og rutine Kunnskapsdepartementets historie 1945-2017*, Pax.

³ Line T. Hilt, Hanne Riese & Gunn Elisabeth Søreide 2018: Narrow identity resources for future students: the 21st century skills movement encounters the Norwegian education policy context, *Journal of Curriculum Studies*.

nasjonsbyggingsprosessane i Europa på 1800-talet. I stortingsmeldinga om humaniora frå 2016 vert det hevda at dette er eit samband som har prega humaniora sin identitet fram til i dag.⁴

På same tid er det slik at humaniora representerer ein lang kritisk tradisjon. Denne har mellom anna vorte mobilisert ved at nettopp humaniora sidan 1990-åra har ytt vesentlege tilskot til å dekonstruera den nasjonalstatlege ramma så vel som andre kollektive identifikasjonsrammer. Vidare må fleire av dei ferdigheitene som ofte vert løfta fram som særskilt kompatible med arbeidslivet sine krav og forventningar seiast å prega humanistiske studietilbod i særskilt grad. Dette gjeld framfor alt ved at målet om å stimulera studentane til kritisk tenking er sentralt i dei humanistiske studieprogramma. Men det gjeld òg ferdigheiter som kommunikasjon og kreativitet. Dette er på same tid ferdigheiter som er generiske, ved at dei kan brukast innanfor fleire område – i arbeidslivet og i samfunnet elles.

Humanistiske studieprogram utrustar såleis kandidatar med fleksible og etterspurde ferdigheiter. Dette er òg understreka i internasjonale komparative undersøkingar om generiske ferdigheiter så vel som i undersøkingar om humaniora sin tilstand i enkelte land. Ei undersøking frå Storbritannia viser til dømes at humanistiske kandidatar skårar særskilt høgt på ferdigheiter som tilpassingsevner, problemløysing og samarbeid. Ei svensk undersøking viser på si side at alumni frå humanistiske studieprogram hadde svært god nytte av ferdigheitene som studiane utrusta dei med innanfor eit vidt spekter av yrke.⁵

Det er likevel slik at mange humanistiske studieprogram slit med å rekruttera studentar. Det er ikkje openbert for samfunnet og potensielle studentar kva kompetanse humanistiske utdanningar gjev. Dette handlar òg om synet på humaniora meir generelt. I ein rapport om svenske humaniorastrategiar heiter det til dømes at humaniora «åläggs en särskild skyldighet att förklara sitt existensberättigande för medborgare och makthavare, inteminst eftersom det är väl belagt att allmänhetens uppfattning om humanioras innehåll och värde är vag.»⁶

Innanfor det ein kan kalla for ein instrumentell kunnskapshorisont vert ikkje humanistiske utdanningar tillagt ein eigenverdi. På same tid kan det kritiske potencialet i

⁴ Meld. St. 25 (2016–2017). Humaniora i Norge.


⁵ Gabriel Roberts (2021): *The Humanities in Modern Britain: Challenges and Opportunities. Hæpi Report 141*; Dirk Van Damme and Doris Zahner (eds.) (2022): *Does Higher Education Teach Students to Think Critically? OECD*. Isak Hammar (2021): *Humanistisk kunnskap och kompetens. En rapport om alumners nytta av studier i humaniora och teologi, Lund University*.

⁶ Linus Salö m. fl. (2022): *Rapport #7. Humaniorastrategier i Sverige. Humtank*.

humaniora verka reaktivt. Vitskapshistorikarane Anders Ekström og Sverker Sörlin hevdar til dømes i ein studie at den kritiske tradisjonen i humaniora ofte vert mobilisert i eit forsvar mot ytre utfordringar. Dette går på kostand av det som vert kalla ein *generativ* kritikk, der humaniora tek mål av seg å vera med på å definera kunnskapspolitikken og med dette utdanningspolitikken.⁷ I arbeidet med å forvalta humanistiske studietilbod materialiserer dette seg gjerne i ei spenning mellom å forsvara ein beståande tilstand i form av ressursar og tilbod på den eine sida og det utviklingspotensialet som kunnskapsområdet representerer innanfor ein samtidig utviklingshorisont på den andre.

Utviklinga av studieporteføljen ved HF

Korleis har studieporteføljen ved HF utvikla seg sidan kvalitetsreforma? Dette går fram av følgjande oversikt:



Kjelde: DBH og Tableau

Denne oversikta inkluderer både bachelorprogram, masterprogram, lektorprogram og årsstudiar. I 2022 fanst det 11 årsstudiar og 3 lektorprogram ved fakultetet. BA- og MA-programma er slik sett dei suverent mest talrike, og like store i omfang. Det er berre to BA-program ved HF – Arabisk og Kjønnstudiar – som ikkje har eit tilsvarende MA-program. Eitt

⁷ Anders Ekström & Sverker Sörlin (2012): *Alltings mått. Huamnistisk kunskap i framtidens samhälle*, Norstedt.

av masterprogramma – Masterprogram i berekraft – er tverrfakultert i eit samarbeid mellom HF, SV og Mat.Nat. I tillegg finst det to erfaringsbaserte masterprogram ved fakultet, i norsk og engelsk.

Oversikta over utviklinga av programporteføljen ved fakultetet viser for det første ein oppgang i talet på program mellom 2009 og 2010, samt ein viss nedgang mellom 2017 og 2018. Nedgangen mellom 2017 og -18 skuldast at Griegakademiet då gjekk over til det nye Fakultetet for kunst, musikk og design. Den store auken i talet på program mellom 2009 og 2010 skuldast ein overgang frå ei tematisk til ei disiplinbasert organisering av studieprogramportefølje.

Ved HF i Bergen rusta ein seg til kvalitetsreforma i 2004 ved å byggja opp såkalla tilrettelagde studieprogram på BA-nivået. Somme av desse programma var organiserte ut frå tema, som BA-programma i retorikk og kjønnsstudium. Andre var områdeorganserte – som BA-programma i europastudium og i latinamerikastudium. Innanfor desse programma vart det – rett nok i varierende grad – etablert nokre programspesifikke emne, forutan at emne frå spesialiseringa innanfor dei enkelte disiplinfaga inngjekk. Programporteføljen ved fakultetet vart gjennomgått grunna ei økonomisk krise i 2009/2010. Fleire av dei tilrettelagde programma hadde svært høge fråfall. Dessutan nytta studentane seg i mange tilfelle berre av eit fåtal av kombinasjonsmoglegheitene som fanst innanfor rammene av programma. Det var òg vanskeleg å synleggjera den faglege profilen i fleire av desse programma. På denne bakgrunnen vart dei fleste av dei tilrettelagde programma nedlagde.

Forutan problema knytt til gjennomføring og emnekombinasjonar, vart det hevda at dei tilrettelagde programma gjorde at den disiplinfaglege profilen vart mindre tydeleg. Etter 2010 har den disiplinfageleg organiseringa av studieprogramporteføljen vore einerådande ved fakultetet, rett nok med unnatak av lektorprogramma og nokre få attlevande tilrettelagde program, som kjønnsstudiar. Omsyna til fleksibilitet og valfridom – som var sentral i kvalitetsreforma – er innanfor dette systemet tenkt ivaretatt gjennom ordninga med 60 frie studiepoeng som del av BA-graden.

I 2016 meldte det seg ei ny økonomisk krise ved HF, grunna svikt i studenttilgangen. No vart det òg tydeleg at det knytte seg mange risikoar til ei gjennomført disiplinfageleg organisering av studieprogramporteføljen. Det var for det første lite samarbeid på tvers av studieprogramma, slik at det var uråd å utnytta ledig undervisningskapasitet i studieprogram der det var underkapasitet på undervisarar. Mange av fagmiljøa var likeins små og

ressursmessig sårbare. Forskingsterminar og ulike verv førte med seg mykje bruk av vikarar og med dette mellombelse tilsette. Det var naudsynt å sikra at studieprogramma hadde gode og stabile rammer for undervisning og studiekvalitet. Denne analysen låg til grunn for prosjektet «HF2018». Gjennom dette prosjektet søkte ein å byggja opp større studieprogram etter ein paraplymodell. Tanken var at kvart program skulle romma ulike studieretningar, noko som ville gje fakultetet større fleksibilitet til å disponera ressursar og stimulera til fagleg samarbeid.⁸

Prosjektet HF2018 var stort og inkluderte mellom anna ein gjennomgang av heile studieporteføljen ved fakultetet, med unntak av lektorprogramma. Prosjektet var organisert gjennom ei eiga prosjektgruppe, med ei styringsgruppe som førebudde saka til fakultetsstyret. Etter ein samla gjennomgang, føreslo prosjektgruppa å organisera programporteføljen gjennom i alt 14 BA-program og 12 MA-program. Ein del av desse programma representerte ei rein vidareføring av eksisterande disiplinfaglege program. Andre program ville innebera omfattande endringar. Det vart til dømes føreslått å oppretta eit nytt BA-program i europeiske og amerikanske språk og litteraturar. Dette skulle romma fagretningane engelsk, fransk, tysk, russisk og spansk. Eit anna radikalt forslag var å oppretta ein BA i samtidskultur, som skulle omfatta fagretningane digital kultur, teatervitskap og moderne kunsthistorie.⁹ Innanfor desse programma skulle det byggjast ut ein del fellesemne som erstatning for eksisterande disiplinfaglege emne, noko som på éin og same gong var tenkt å redusera undervisningsomfanget og gje tverrfaglege synergjar.

I høyringsrunden sa dei fleste fagmiljøa ved fakultetet at dei var positive til meir tverrfagleg samarbeid, og at det baud på store moglegheiter å byggja ut fellesemne mellom fagretningar. Det vart likevel stilt spørsmål ved kor store ressursmessige gevinstar ei ny organisering av studieporteføljen eigentleg ville gje. Vidare vart det stilt spørsmål ved om ikkje studieprogramsamarbeid mellom fag eigentleg ville innebera ei langsiktig nedbygging av nokre av dei eksisterande faga. Særleg dette siste spørsmålet vitna om at HF2018 ikkje var godt nok forankra i ein del fagmiljø, eller at premissane for prosjektet ikkje var klare nok. Det var likevel eksterne tilhøve som gjorde at prosjektet stranda. Fakultet søkte universitetet sitt utdanningsutval om å få oppretta i alt 7 nye studieprogram hausten 2017. Tilbakemeldingane på desse søknadane var at det måtte leggjast ved eigne opprettingssøknadar til kvar av

⁸ https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/hf2018_styringsgruppens_reviderte_anbefalinger.pdf. Lest 6/1-2023.

⁹ Sak 70/16, Det humanistiske fakultet


studieretningane i dei nye programma. Fakultetet vurderte dette som uråd å få til innanfor gjevne tidsrammer. Fakultetsstyret vedtok difor å ikkje gå vidare med dei planlagde studieprogramma, og i plassen vidareføra HF2018 som eit emneprosjekt. Dette innebar at ein skulle implementera nokre av dei nye fellesemna som var planlagde, og at ein skulle arbeida for å trimma emneporteføljen ved fakultetet.¹⁰

Det kan stillast spørsmål ved om fakultetet lukkast med å trimma emneporteføljen sin. I 2018 var talet på registrerte emne ved HF 586. I 2022 hadde det stige til 672. Sjølv om eit emne er registrert, betyr ikkje det at det vert tilbydd. Auken er likevel ein indikasjon på at HF heller ikkje etter prosjektet HF2018 har lukkast med å redusera omfanget på studietilbodet sitt. Dessutan vitnar talet på emne i særskilt grad om undervisningsressursane ikkje vert forvalta på ein berekraftig måte. Det er talet på tilbydde emne innanfor eit studieprogram som bind opp undervisningsressursar. Mange emne fører òg med seg ei fragmentering, og kan slik gjera det krevjande å arbeida strategisk og heilskapleg med studiekvaliteten innanfor eit studieprogram. I tillegg vert sjølve kvalitetssikringa svært krevjande – jo fleire emne og studieprogram, dess meir omfattande og ressurskrevjande vert dei sykliske prosessane knytt til studiekvalitets som er regulerte gjennom UiB sitt kvalitetssystem.

Studenttal og finansiering

Korleis ser studentpopulasjonen ved HF ut? Eit utgangspunkt er å sjå på studenttalet på fakultetet samla sett dei siste 30 åra:

¹⁰https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/videreforing_av_hf2018_som_emneportefoljeprojektpdf, lest 6/1-2023.



Kjelde: Registrerte studenter (tidsserie), DBH


Kurven viser dels store variasjonar i studenttalet ved fakultetet sidan starten av 1990-åra. I 1991 var det i overkant av 3000 registrerte studentar ved fakultetet. Studenttalet gjorde deretter eit byks. Etter å ha falle noko, nådde talet ein topp etter årtusenskiftet. Dei følgjande åra minka studenttalet att, for så å gå inn i ein ny auke, med ein førebels kulminasjon på vel 4500 registrerte studentar i 2020.

Desse variasjonane reflekterer ei rekkje utviklingsdrag på fleire nivå: Storleiken på årskulla som har søkt høgare utdanning har variert i denne perioden. Utviklinga i arbeidsmarknaden har hatt mykje å seia. Det same har ulike trendar i synet på og attraksjonen til humanistisk utdanning. Politikken til overordna styresmakter – og med dette løyvingane til sektoren er sjølvstøtt og sentral. På same tid har universitetspolitiske vurderingar hatt mykje å seia. I åra rundt 2010 var det til dømes ei line på UiB at ein ikkje skulle ta opp fleire studentar enn det var studieplassar til på dei ulike studieprogramma. I åra etterpå har det igjen vore ein stor auke i talet på registrerte studentar på Det humanistiske fakultet. Dette må sjåast i samanheng med endringane i finansieringssystemet i sektoren som kom etter 2010, då inntektene frå studiepoengproduksjonen vart viktigare for økonomien til institusjonane i sektoren.

I dag vert dei høgare utdanningsinstitusjonane finansierte både gjennom ei fast rammeløyving over statsbudsjettet kvart år, i tillegg til ein resultatbasert del knytt til

utdannings- og forskingsverksemd. Inntektene frå studie- og kandidatproduksjonen er utan jamføring den viktigaste. Ramma for denne delen av finansieringa er open, dvs. at den samla løyvinga aukar i takt med den samla produksjonen i sektoren. Ramma for finansieringa frå forskingsverksemda er på si side lukka, dvs. at institusjonane konkurrerer om ein gjeven pott.¹¹

I åra etter 2010 har det såleis vore sentralt å sikra gode vilkår for inntekter frå studiepoengproduksjonen. Figuren under viser kor viktige desse inntektene er for den samla økonomien for Det humanistiske fakultet.




Figuren viser den relative fordelinga av fakultetet sine inntekter. Vi ser for det første at dei beinveges inntektene over statsbudsjettet har gått frå å utgjera 64 % i 2012 til 55 % i 2023. Inntektene frå open ramme – altså frå studiepoeng- og gradsproduksjon – har på si side auka frå å utgjera 26 % i 2012 til nær 40 % i 2023. Den relative fordelinga av inntektene frå lukka ramme har på si side minka frå 10 % til 7 %. Eit anna tilhøve som er verdt å merka seg her, er fallet i inntektene frå open ramme i 2016. Dette førte med seg ei økonomisk krise for fakultetet og år med vedvarande underskot. Denne situasjonen låg – som vi såg – til grunn for prosjektet HF2018 (jf. ovanfor).

¹¹ Jf. <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/uh/finansiering.pdf>, lasta ned 2/1-2023.

God og stabil tilgang til søkjarar er såleis den viktigaste innsatsfaktoren for å sikra fakultetet gode inntekter frå studiepoengproduksjonen. Dineast er det å få studentane til å ta eksamen. På HF er det stort fråfall av studentar. Dessutan vert fakultetet målt på i kva grad ein fyller studieplassane ein har fått tildelt frå UiB. På ein slik bakgrunn må fakultetet kvar haust overbooka ved å gje langt fleire tilbod enn det ein har studieplassar til. HF disponerer som andre fakultet ved UiB eit visst tal studieplassar på dei ulike programnivåa. Vi har 697 studieplassar på BA-programma og 218 studieplassar på årsstudia. I tillegg er det 134 plassar på den integrerte lektorutdanninga. Talet på studieplassar på ulike typar av program er det måлтаlet vi vert vurdert opp mot av UiB sentralt. På BA-nivået og lektorprogramma skjer denne vurderinga normalt sett ved starten av studentane sitt tredje semester, sidan ein må rekna med stort fråfall dei første semestera studentane er hjå oss. For at vi skal treffa måлтаlet slik nokon lunde ved starten av studentane sitt semester 3, må vi difor ta inn langt fleire studentar enn vi har studieplassar til ved kvart opptak.


Ein faktor er òg at det er ein stor differanse mellom kor mange studentar som får tilbod om studieplass ved HF og kor mange som faktisk møter til studiestart. Nedanfor er ein oversikt over talet på førstevalssøkjarar til BA- og LU-programma og til årsstudia ved HF dei siste ti åra. Oversikten viser òg kor mange tilbod som vert gjeve og kor mange som møtte til studiestart:



Kjelde: DBH

For å fylla studieplassane over tid, er HF såleis avhengig av det møter langt fleire til studiestart enn det fakultetet faktisk disponerer av studieplassar. Det er likevel ei stor utfordring at overbookinga av studentar ved opptak ikkje er jamt fordelt. HF er det fakultetet på UiB som har størst variasjon i typar av studium som vert tilbydde. Det er på same vis stor skilnad i kor etterspurde dei ulike studieprogramma på fakultetet er. Om vi held oss til BA-programma – der vi har suverent mest studieplassar – snakkar vi om ein variasjon frå nær 160 møtte på BA i historie enkelte år, til ingen møtte på andre BA-program (jf appendiks: Talet på møtte BA-studentar ved studiestart HF 2012-2022). Desse variasjonane inneber i røynda at det er få av HF sine studieprogram der studieplassane faktisk vert oppfylte. Ser vi på tala for

hausten 2022, ser vi korleis dette slår ut på BA-nivået:



I 2022 var det berre 7 av 26 BA-program på HF der ein fylte studieplassane etter at studentane møtte fram ved studiestart. Tek ein med at fleire av desse programma har eit høgt fråfall, ser ein at fakultetet har store utfordringar med å fylla studieplassane ein disponerer.

Utviklinga ved einingane

For å få eit meir utfyllande bilete av stoda, er det føremålstenleg å sjå litt på utviklinga på einingsnivået (vi viser her til grafane i appendikset). Ved AHKR ser ein eit markant fall i talet på førstevalssøkjjarar og møtte i 2022. Det er særskilt fallet i BA-programmet og årsstudiet i historie som bidrar til fall i talet på møtte studentar ved studiestart dette året. Årsstudiet fall frå 122 studentar i 2021 til 59 studentar i 2022 og BA-programmet frå 107 til 83. Dette fallet vert i noko mon kompensert ved oppgang i talet på møtte på lektorprogrammet i historie. Men òg på BA-programmet i arkeologi er det ein relativt stor nedgang i talet på møtte studentar (frå 76 til 56). På BA-programmet i religionsvitenskap er møttalet i 2022 så lågt som 9 studentar. På dette programmet var det faktisk fleire studentar som møtte til studiestart i 2019 (22) enn det var i pandemiåra. Det er likevel relativt mange studentar på årsstudiet (21), men her òg ser ein stor nedgang frå åra før pandemien (40 studentar i 2018). Her kan ein heller ikkje tala om at lektorprogrammet kompenserer for nedgangen.

Samla sett ser ein nedgang på alle programtypar ved AHKR (jf. appendiks. Figur 2). Når det gjeld masterstudia på AHKR er møttalet på arkeologi og historie nokon lunde stabilt. På kulturvitskap møtte relativt få studentar (6), men her var nivået stabilt gjennom pandemien. På religionsvitskap møtte òg 6 studentar hausten 2022, men her er talet synkande.

Ser vi på gjennomføringstala på BA-programma på AHKR, er det jo her særskilt tala på BA i historie som påverkar det samla gjennomføringstalet på fakultetsnivået (jf. appendiks, tabell 1). Her ser ein eit markant fall i gjennomføring på normert tid for dei kulla som skulle ha vore ferdig dei siste åra (23,1% i 2021 og under 22 % i 2022). På dette programmet har gjennomføringa vore relativt god tidlegare. For det kullet som skulle ha vore ferdig i 2017, var nær 35 % ferdige på normert tid. Nedgangen dei siste åra er gjerne koronarelatert, men både BA i religionsvitskap, BA i kulturvitskap hadde betre gjennomføring. Men på desse programma er studenttalet mykje mindre enn på historie, slik at dette ikkje kan jamførast utan vidare.

Ved LLE er det òg ein stor nedgang i talet på møtte til studiestart i 2022 jamført med åra før (appendiks, Figur 3). Her er det òg eit stort fall i talet på førstevalssøkjjarar til programma, slik at desse ligg vesentleg under tala frå åra før pandemien. Ved LLE har særskilt digital kultur vore eit fag som har tiltrekt seg mange studentar dei seinare åra. Her gjekk talet på møtte ned frå 76 i 2021 til 56 i 2022. Talet ligg då om lag på det same nivået som før pandemien. Ved LLE har norskprogramma hatt låg søknad over fleire år, òg gjennom pandemien. I 2022 er talet på møtte studentar til BA i nordisk språk og litteratur så lågt som 5 studentar. På årsstudiet i nordisk gjekk talet på møtte studentar tilbake frå 32 i 2021 til 18 i 2022. Lektorprogrammet BA-programmet i nordisk hadde 22 møtte studentar i 2022. Dette er ein nedgang frå tala under pandemien, men det er faktisk nær ei halvering av talet på møtte studentar jamført med 2019. Dei andre norskprogramma – BA i norsk som andrespråk og BA i norrøn filologi – har svært låge møttal i 2022 (3 og 4).

Ved LLE er det òg andre program med svært låge studenttal over tid – dette gjeld først og fremst BA i klassisk filologi. Men det er òg program med eit stabilt og relativt høgt studenttal, som BA i litteraturvitskap. Ved LLE møtte dessutan heile 58 studentar til årsstudiet i kunsthistorie til studiestart i 2020. Men i 2022 var talet 13. Ser ein på utviklinga i talet på møtte på programtypar, ser ein òg at det er størst nedgang for årsstudia sitt vedkomande.

Ved LLE er det òg nedgang i talet på møtte på masterprogramma, med unnatak av den erfaringsbaserte masteren med undervisning i norsk. Talet på møtte studentar til master i norsk språk og litteratur er i 2022 på si side på 8, som er meir enn ei halvering sidan siste opptaket før pandemien i 2019. På master i allmenn litteraturvitskap møtte det òg færre

studentar i 2022 (8), men dette er på same nivå som før pandemien. På master i digital kultur møtte 12 studentar i 2022, som var lågare enn i 2021. Men her er det likevel høgare studenttal enn før pandemien.

På BA-programma ved LLE har er det ein del studieprogram som ligg over fakultetssnittet når det gjeld gjennomføring dei siste åra (jf. appendiks, Tabell 1). Dette gjeld til dømes BA -programmet i Digital kultur. Her fullførte til dømes over 40 % av det kullet som var ferdig i 2020 på normert tid. Men det er nedgang for kullet som var ferdig i 2022, og store variasjonar mellom år. Av dei andre relativt store programma, ha BA i kunsthistorie og BA i allmenn litteraturvitskap òg gjennomføringstal som stort sett ligg over fakultetet samla.

Ved IF er det òg stor nedgang i talet på møtte studentar. Her er det særskilt engelskprogramma som har hatt stor studenttilgang. Talet på møtte studentar på BA i engelsk gjekk ned frå 58 i 2021 til 43 i 2022. Dette er ei halvering av talet på møtte studentar jamført med åra før pandemien. I 2018 møtte 86 studentar til studiestart på BA i engelsk. Ved årsstudiet i engelsk møtte 49 studentar i 2020. I 2022 var nivået på 17, det same som i 2018. Lektorprogrammet i engelsk har derimot hatt vekst. På BA i japansk er det òg stor studenttilgang. 36 studentar møtte her i 2022. På BA i kinesisk er talet derimot halvert frå 31 møtte i 2021 til 15 i 2022.

Av andre tilbod på IF er det òg ein klar nedgang på spansk. På BA-programmet i spansk språk- og latinamerikastudium møtte det 12 studentar i 2022. Dette er ei halvering jamført med 2018. På årsstudiet møtte 4 studentar i 2022. Lektorprogrammet har heller ikkje mange studentar. Ved IF er det òg nokre program med svært få studentar, som franskprogramma og tyskprogramma. Ser ein på fordelinga på programtypar, sær ein at lektorprogrammet i framandspråk – dette gjeld i røynda engelsk – er relativt sett viktigare enn før.

Ved IF er det færre møtte studentar på alle masterprogram i 2022 enn i åra før. Det er særskilt master i engelsk og master i erfaringsbasert master med undervisning i engelsk som gjev utslaga. Men det er fleire studentar på lektorprogrammet med engelsk fagretning.

Ved IF er det særskilt BA-programmet i engelsk som har verknadar for det samla gjennomføringstalet på HF. Her er tala låge. Mindre enn 22 % av det kullet som skulle ha vore ferdig i 2022 gjorde det på normert tid. Gjennomføringstala på BA i engelsk har vore låge over eit langt tidsrom med eit gjennomsnitt på under 20 % gjennomføring på normert tid for kulla som starta mellom 2010 og 2019. I enkelte år (kullet som skulle ha vore ferdig i 2019) var delen 12,5 %. Av andre program med stort studentopptak, som arabisk, er gjennomsnittsprosenten svært låg.

Studieporteføljen ved FoF har ein enklare struktur enn dei andre institutta på HF, om ein held ex.phil. utanom. Av grunnstudiar har FoF BA i filosofi og BA i retorikk (som no er nedlagd), i tillegg til årsstudiet i filosofi. FoF er det einaste instituttet på fakultetet som fyller studieplassane på programma sine etter opptaket i 2022. Men her er det først og fremst årsstudiet i filosofi som trekk opp det samla talet. Årsstudiet i filosofi hadde ein nær sagt eksplosiv vekst under pandemien. I 2020 møtte 62 studentar til studiestart, mot 20 året før. Årsstudiet er framleis populært, 46 studentar møtte til studiestart i 2022. BA-studiet er i 2022 på eit nivå under nivået i 2018. På FoF er det òg låg gjennomføring. På BA i filosofi var det vel 22 % av det kullet som skulle ha vore ferdig i 2022 som gjorde det på normert tid. I 2019 var denne delen så låg som 14,7 %.

Ved Senter for kvinne- og kjønnsforskning (SKOK) har ein BA-programmet i kjønnsstudiar og eit årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfald. Ved SKOK har det vore ei stor tilstrøyming av studentar dei seinare åra. Her var det stor auke i talet på møtte studentar under pandemien, på både BA-studiet og årsstudiet, men særskilt på årsstudiet, som gjekk opp frå 41 til 60 møtte studentar mellom 2019 og 2020. Talet på møtte studentar i 2022 er om lag på same nivå som før pandemien. BA-programmet i kjønnsstudiar ligg under fakultetsnivået i gjennomsnittleg gjennomføringsprosent, men med store variasjonar mellom år.

Ved Senter for vitskapsteori (SVT) vart det oppretta ein tverrfakultær master i berekraft, som tok opp studentar første gong i 2021. Tilbodet er svært populært, med langt fleire søkjarar enn det er studieplassar til. I 2021 kunne programmet ta opp 17 studentar, i 2022 tok ein opp 24.

I 2022 var søkjar- og opptakstala dårlegare for HF sin del enn dei har vore nokre år. Dette spegla ein nedgang nasjonalt og på UiB. Denne nedgangen har vorte sett i samband med at søkjartala til høgare utdanning var særskilt høge under pandemien. Men det er òg grunn for å tru at dette speglar eit nivå vi vil liggja på i åra frametter. Søkjartala under pandemien representerte ein unnatakstilstand, og det ville ha vore uansvarleg å rekna med at tala vil halda fram med å halda seg på eit tilsvarende nivå i åra frametter. Det som særskilt gjev grunn til uro, er at talet på møtte studentar ved studiestart ligg på eit nivå under talet på studieplassar på to av institutta.

Studieprogrammobilitet

Søklar- og oppmøtetil til dei ulike studieprogramma ved HF gjev ikkje alltid eit treffande bilete over kor mange studentar som følgjer undervisninga ved dei ulike emna som vert tilbydde ved fakultetet. Systemet med 60 valfrie studiepoeng som del av BA-gradene tilseier at mange studentar følgjer undervisning på emne på andre program enn der dei har studieplassen sin. Likeins er det mange studentar som følgjer undervisning på dei ulike emna som berre er årsstudentar, eller som berre ønskjer å følgja undervisninga i eitt emne.

Undervisarane på program der det er få studentar opplever såleis at det er mange fleire studentar til stades i sjølve undervisningssituasjonen enn det faktisk er studentar som er tekne opp på programmet. Studentar som ikkje er programstudentar legg òg beslag på undervisningsressursar i eit studieprogram. Dei produserer òg studiepoeng som får utteljing på det emnet der dei følgjer undervisninga. Men dette er sjølvsagt avhengig av at dei tek eksamen.

Omfanget av slik «studieprogrammabilitet» ved HF er det svært arbeidskrevjande å kartleggja. Men vi har gjort nokre stikkprøvar ved å finna tal for nokre av dei obligatoriske emna på BA i nordisk språk og litteratur, BA i religionsvitskap og BA i tysk for perioden 2020-2022 (jf. appendiks, Tabell 5-7). Desse døma tener først og fremst til å visa fram at det er råd å kartleggja denne studieprogrammabiliteten ytterlegare. Ei slik kartlegging kan vera eit utgangspunkt for å gjera endringar i eit studieprogram eller å rett og slett å finna ut kva type studentar som bidreg mest inn i eit program.

Her skal vi berre trekkja fram eitt emne frå kvar av desse programma, men som likevel viser nokre interessante tendensar. På emnet Nordisk Litteratur etter 1900 (NOLI102) var det i alt 252 studentar som tok eksamen i åra mellom 2020 og 2022. Av desse var 103 heimehøyrande på lektorprogrammet i nordisk og 47 på lektorprogrammet i historie eller religionsvitskap. 2 studentar kom frå lektorprogrammet i framandspråk. Dette inneber at vel 60 % av studentane som tok eksamen ved NOLI102 desse åra kom frå eitt av lektorprogramma ved fakultetet. 34 av studentane som tok eksamen på emnet – vel 13 % – av studentane var årsstudentar, berre i underkant av 11 % av studentane kom frå BA-programmet i Nordisk språk og litteratur. Dei resterande, vel 30 i talet, kom frå andre program anten ved HF eller andre fakultet.

Ser vi på emnet RELV102, var det 300 studentar som tok eksamen mellom 2020 og 2023. Av desse var 81 – 27 % – studentar ved lektorprogrammet i historie og religionsvitskap. 22 studentar kom frå lektorprogrammet i nordisk, og 9 studentar kom frå lektorprogrammet i framandspråk. 50 studentar – altså vel 16 % – var BA-studentar i religionsvitskap, og 67

studentar var årsstudiestudentar. 71 studentar – altså vel 23 % – av studentane kom frå andre program.

På emnet Grunnemne i tysk språk (TYS105) var det i alt 46 studentar som tok eksamen mellom 2020 og 2022. Av desse kom 5 studentar frå lektorprogrammet i framandspråk, 15 studentar frå BA-programmet i tysk, 4 var årsstudiestudentar. Her var det faktisk gruppa av studentar frå andre program (18) som var størst.


Desse døma er uttrykk for at ein del av dei største emna i BA-programma på fakultetet har eit stort innslag av studentar som ikkje er programstudentar. Det er verdt å merka seg det store innslaget av lektorstudentar, særskilt på nordisk, men òg på religionsvitskap. Det store innslaget av årsstudentar vitnar òg om at årsstudia er viktige for HF, men på same tid at mange av studentane vi underviser ikkje nødvendigvis planlegg for å ta ei grad ved fakultetet. Dette er det viktig å ta høgde for når ein diskuterer fråfall og gjennomføring på studieprogramma. Det er i utgangspunktet positivt at mange studentar følgjer enkeltemne på fakultetet, og dette er òg eit element i det samfunnsoppdraget som fakultetet skal fylla.

Men på ei anna side kan det hevdast at det er problematisk at studentar som ikkje eigentleg er programstudentar utgjør ein stor del av studentmassen. Fakultetet vert som sagt målt på i kva grad vi fyller studieplassane på studieprogramma, og i kva grad studentane fullfører innanfor rammene av programma. Det kan òg hevdast at slike mønstra som er vist ovanfor er problematiske ut frå eit studiekvalitetsperspektiv. Fokuset vert fort retta mot det enkelte emnet heller enn samanhengen mellom dei ulike emna som inngår i programmet, og med dette måten programmet som heilskap fungerer på. Det er òg krevjande å gje fremja kullkjensle, studenttilhøyrse, programidentifikasjon osv. på ein slik bakgrunn, alle faktorarar som er viktige for gjennomføringstala i ei studieprogram.

HF sett utanfrå

Breidda og variasjonen i HF sine studieprogram tilseier at det er relativt sett færre studentar på HF sine studieprogram enn ved andre fakultet på UiB. Dette går fram av følgjande oversyn:

Studenter per faglige årsverk




Oversikten krev nokre kommentarar: Dei fleste studieplassane ved HF er finansierte i finansieringskategori F.¹² Difor gjev det lite meining her å jamføra tala for HF sin del med tala ved Med, KMD, PS eller MN, som har mange fleire studieplassar i ein høgare finansieringskategori enn HF har. Jamføringa med Juridisk fakultet har òg sine avgrensingar, sidan ein berre har eitt studieprogram ved dette fakultetet. Men det gjev god meining å jamføra med SV, der det er fleire studentar per faglege årsverk enn tilfellet er på HF. No kan ein argumentera for at skilnaden ikkje er så stor, og at skilnaden først og fremst er ein pris ein må betala for at UiB faktisk er eit breiddeuniversitet og HF si særskilte rolle i så måte. Men skilnadane mellom dei to fakulteta handlar òg om at ein på SV faktisk får meir ut av dei ressursane ein er tildelt:

¹² Studieplassane ved norske høgare utdanningsinstitusjonar er finansierte ut frå i alt 6 kategoriar (A-F). Finansieringskategori A er den som gjev stort grunnløyving frå departementet (vel 270 000 per studieplass). Finansieringskategori F gjev ei basisløyving på vel 70 000 per studieplass. https://dbh.hkdir.no/tall-og-statistikk/finansiering-meny/finansieringskategorier-finansiering?undermeny=finans_kategorier. Lest 10/3-2023. Det ligg an til at talet på finansieringskategoriar kan reduserast i løpet av våren 2023.

Sammenligning mellom HF og SV 2021

Studiepoeng per heiltidsekvivalent etter finansieringskategori



Denne figuren er eit bilete for den relative studiepoengproduksjonen ved SV jamført med HF. Éin heiltidsekvivalent representerer her 60 studiepoeng. Om vi først ser på studentane i finansieringskategori F, som er den klart største gruppa ved både fakultet, ser vi at gjennomsnittet ved HF i 2021 var i underkant av 40 studiepoeng, ved SV om lag 50. SV ligg på det same nivået når det gjeld studentar i finansieringskategori D, som gjeld studentane på master, i tillegg til lektorstudentane. Her er produksjonen ved HF litt høgare, men framleis lågare enn for SV sin del.

Denne gjennomgangen så langt viser altså at HF er eit fakultet som er svært avhengig av inntekter frå studiepoengproduksjonen. Over den siste tiårsperioden har ein, for ein del år sitt vedkomande, hatt høge søkjartal. Fakultetet har såleis kunna ta opp mange studentar. Men på same tid er ein svært var for variasjonar i søknadsmassen. Dette er forsterka ved at mange av studieprogramma ved fakultetet har svært låge søkjartal. Frammøtet ved studiestart er òg lågt i høve til søkjartala. Det er difor utfordrande for fakultetet å fylla studieplassane ein har fått tildelt. Overbooking av studentar på dei mest populære studieprogramma er botemiddelet mot dette. Slik sett kan ein seia at det er eit lite utval av studieprogramma som sikrar den samla økonomien ved fakultetet.

Jamføringa med andre fakultet – og særskilt med SV – reflekterer òg at HF slit med å utnytta ressursane sine på ein god måte. Dette biletet syner seg òg om vi ser på gjennomføringstala på HF jamført med andre fakultet:

Tabell 4 Prosentandel kandidater ferdig innenfor normert tid, bachelornivå

Fakultet	Årstall (kull)							
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Det humanistiske fakultet	29,3	26,1	26,6	28,1	27,1	27,3	29,2	26,8
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	31,3	38,8	34,6	34,1	35,7	33,1	35,8	41,8
Det medisinske fakultet	47,8	53,7	50,0	53,8	59,3	62,5	58,2	57,1
Det psykologiske fakultet	43,7	42,9	47,0	50,6	49,1	54,0	54,7	58,5
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	40,0	43,1	37,5	39,9	34,7	39,1	46,2	49,5
Fakultet for kunst, musikk og design					26,7 ¹	40,0	69,8	76,6
Totalt	34,9	36,9	34,8	36,7	34,6	37,0	41,4	43,7

Kjelde: UiB si studiekvalitetsmelding for 2021

Denne jamføringa kallar på nokre kommentarar. At HF har den lågaste gjennomføringa på normert tid på BA-nivå av alle fakulteta ved UiB, må sjåast i samheng med at fakultetet har ei særskilt rolle i å sikra UiB sin status som eit klassisk breiddeuniversitet. I større grad enn dei andre fakulteta, tilbyr HF ei rekkje studium der studentane primært er innom for å tileigna seg eit avgrensa omfang av kunnskapar. Dei tek såleis gjerne berre nokre enkeltemne. Dette gjeld mange av språkfaga, men òg fleire av faga som vert tilbydde ved dei andres institutta ved HF, og særskilt LLE. Sjølv om studentane har fått studieplass ved HF som programstudentar, er dei reelt sett ikkje dette. Dette verkar negativt inn på fråfallsstatistikken. Men ser ein nærare på desse tala over tid, er det slåande at prosentdelen BA-studentar som fullfører på normert tid ved HF, er vedvarande låg jamført med dei andre fakulteta ved UiB. Igjen er det nærliggjande å jamføra med SV-fakultetet, som har gått frå ein gjennomføringsgrad på 40 % til nær 50 % i dette tidsintervallet. På HF har prosentdelen jamvel gått ned, frå i underkant av 30 % til under 27 %.

Tendensen her er enda meir iaugefallande om vi ser på gjennomføringa på masternivået:

Tabell 5 Prosentandel kandidater ferdig innenfor normert tid, masternivå

Fakultet	Årstall (kull)							
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Det humanistiske fakultet	45,7	42,6	31,6	32,5	30,3	34,5	32,3	34,6
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	64,6	64,3	70,9	69,1	63,4	73,7	61,5	60,2
Det medisinske fakultet	47,6	46,4	43,4	47,7	42,5	58,1	64,0	62,9
Det psykologiske fakultet	79,3	67,9	74,6	61,6	72,9	65,8	64,3	63,5
Det juridiske fakultet			60,0	76,7	66,7	66,7	53,3	76,7
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	48,1	50,0	43,9	51,1	49,8	50,2	48,3	55,7
Fakultet for kunst, musikk og design	36,4	60,0	62,5	66,7	83,3	80,0	72,9	79,4
Totalt	54,3	55,0	52,7	54,4	53,8	59,9	54,4	57,6

Kjelde: UiB si studiekvalitetsmelding for 2021

Her kan ein observera ein relativt sett stor nedgang for HF sin del, frå i underkant av 46 % til i underkant av 35 %. Her er det òg nærliggjande å jamføra med SV, som har ein relativ oppgang i gjennomføring på normert tid vel 48 % til nær 56 %. Når det gjeld gjennomføring på masternivået, er det andre føresetnadar enn på BA-nivået. Den relativt sett låge gjennomføringsgraden her, skuldast ikkje at mange av studentane reelt sett er enkeltmestudentar.

Studentane sine føresetnadar og forventningar

Men kva forventningar og føresetnadar har dei studentane som vi rekrutterer på HF ved UiB? Eitt utgangspunkt er å sjå på utviklinga i gjennomsnittskarakterane frå vgs. hjå dei studentane som vi rekrutterer til grunnstudia våre jamført med andre fakultet. Her ser vi på inntak av alle programtypar:

	MED	JU	PS	MN	SV	HF
2003	5,04	4,57	4,14	4,32	4,32	4,15
2004	5,08	4,63	4,25	4,25	4,36	4,17
2005	5,08	4,67	4,38	4,42	4,35	4,31
2006	5,12	4,69	4,44	4,47	4,35	4,28
2007	5,14	4,67	4,42	4,36	4,42	4,31
2008	5,19	4,70	4,42	4,32	4,35	4,10
2009	5,27	4,84	4,46	4,25	4,38	4,12
2010	5,29	4,89	4,64	4,31	4,43	4,31
2011	5,20	4,90	4,69	4,28	4,42	4,13
2012	5,32	4,96	4,72	4,31	4,43	4,14
2013	5,33	5,00	4,80	4,35	4,40	4,18
2014	5,34	5,04	4,82	4,36	4,22	4,12
2015	5,38	5,00	4,77	4,33	4,21	4,03
2016	5,29	5,04	4,75	4,33	4,21	4,07
2017	5,42	5,11	4,88	4,40	4,25	4,04
2018	5,40	5,14	4,88	4,44	4,31	3,97
2019	5,43	5,23	4,92	4,33	4,33	4,00
2020	5,44	5,29	5,04	4,46	4,52	4,00
2021	5,56	5,38	5,06	4,56	4,60	4,11
2022	5,58	5,41	4,95	4,68	4,62	4,19

Kjelde: Tableau, SOA1 Søkertall Samordna opptak, Utvikling av inntakskvaliteten

Som vi ser, er gjennomsnittskarakterane lågare for dei som byrjar ved HF enn tilfellet er ved andre fakultet. Ein annan faktor som det er verdt å merka seg, er at karakternivået hjå studentane som byrjar ved HF har stått så godt som stille dei siste to tiåra, medan dei har auka ved dei andre fakulteta ved UiB. Dette er paradoksalt i lys av at karakternivået på studiespesialisering i vidaregåande skule har auka kraftig samla sett i denne perioden. Tilfellet er faktisk at det ved dei aller fleste studieprogram ved HF, ikkje er karakterkrav i det heile. Dette skil ikkje berre HF frå dei andre fakulteta ved UiB. Det skil òg studieprogramma ved HF frå mange relativt nærskylde studieprogram ved HVL og andre institusjonar. Nivået på studentane sine inntakskarakterar er truleg ei av forklaringane på at HF har større fråfall enn andre fakultet ved UiB, også over tid: Undersøkingar viser at det er ein klar samanheng mellom låge inntakskarakterar og høgt fråfall.¹³

¹³ Sjå NOU 2019:25, Med rett til å mestre. Struktur og innhold i vidaregåande opplæring: 75 ff.

Men det er nokre nyansar her som det er viktige å vera klar over. Om vi jamfører inntakskarakterane til dei studentane som byrjar på eitt av lektorprogramma på HF med BA-programma utanom lektor dei siste ti åra, ser ein følgjande:

	BA utanom LU	5LU
2012	4,12	4,38
2013	4,15	4,64
2014	4,07	4,61
2015	3,96	4,52
2016	4,00	4,58
2017	3,96	4,67
2018	3,88	4,70
2019	3,88	4,72
2020	3,92	4,70
2022	4,04	4,58
2022	4,05	4,52

Kjelde: Tableau, SOAI Søkertall Samordna opptak, Utvikling av inntakskvaliteten

Vi ser at inntakskarakterane til dei som startar på eitt av lektorprogramma ved HF er høgare for BA-programma sin del i heile perioden mellom 2012 og 2022. Dette viser òg att på gjennomføringsstatistikken. Gjennomføringstala varierer òg på lektorprogramma, men dei har stort sett vorte betre over tid. Ser vi på talet for det kullet som vart ferdig i 2022, gjorde nærare 40 % det på normert tid (jf. appendik, tabell 1, 2 og 3). Dette er òg slåande i lys av alle dei problema som knyter seg til organiseringa og kollisjonsproblematikken som kjenneteiknar lektorprogramma.

Den rolla HF har i å underbyggja UiB sin status som breiddeuniversitet, tilseier at studentpopulasjonen ved fakultetet er samansett og mangfaldig. Dette gjeld òg for føresetnadane som studentane våre har. Dette må likevel vegast opp mot andre sider ved verksemda vår: Det høge fråfallet ved mange studieprogram er ein av grunnane til at fakultetet må overbooka kraftig på enkelte studieprogram kvar haust for å fylla studieplassane

samla sett (jf. ovanfor). Dette fører med seg mykje frustrasjon for dei som underviser på desse programma. Det følger òg mykje frustrasjon med at studentane har dårlege føresetnadar for å følgja undervisninga i enkelte studieprogram. Dette går likeins utover den samla studiekvaliteten. Låg «inntakskvalitet» har òg noko å seia for bildet av fakultetet utetter. Det skapar eit inntrykk av at dei faglege krava ved fakultetet er låge, sjølv om dette ikkje på noko vis er treffande.

Inntaksmønsteret ved HF tyder på at dei gode eigenskapane vi ser at humanistiske kandidatar tileignar seg og som rustar dei for arbeidslivet, ikkje er tydelege nok i måten vi kommuniserer studietilbodet vårt utetter på. Men det handlar truleg òg om at vi ikkje har eit klart nok blikk for korleis føresetnadane til unge menneske endrar seg over tid. Ei undersøking av «den kulturelle kapitalen» til HF-studentar viser korleis denne har endra seg sidan 1990-åra: I dag har studentane påfallande mindre kunnskap om og kjennskap til det ein kan kalla for den «den kulturelle kanon» enn for nokre tiår sidan. Studentane viser òg påfallande mindre interesse for å orientera seg i det offentlege kulturordskiftet enn før, til dømes ved å lesa bokmeldingar i aviser og tidsskrift.¹⁴ Fleire rapportar og studentundersøkingar frå dei seinare åra vitnar òg om at studentane ikkje føler seg godt nok rusta for å ta fatt på høgare studiar etter vidaregåande. Frå ein HF-synsstad er det særskilt alvorleg at det vert meldt om at studentane seier at dei føler seg dårleg førebudde når det gjeld ferdigheiter som kritisk tenking, akademiske skriveferdigheiter og tekstforståing.¹⁵ Ein annan faktor i så måte – som vi har vore inne på – er korleis innhaldet i grunnopplæringa har endra seg dei siste åra. Slike endringar tilseier at nye studentar sine forventningar og føresetnadar ikkje nødvendigvis er kompatible med den sterke disiplinlege innretninga som studieporteføljen ved HF har.

Kva forventar studentane seg så? Den relativt høge søknaden til lektorutdanningane ved HF tyder for det første at studentane ser etter studieprogram der arbeidsrelevansen er tydeleg og uttalt. Dei høge søkartala til berekraftmasteren ved SVT viser det same, men òg at berekraft er noko unge menneske er opptekne av og ser etter når dei skal velja utdanning. Det same gjeld for tematikkar knytt til mangfald, inkludering, seksualitet og kjønn, noko dei høge søkjartala til kjønnsstudiar reflekterer. Historiefaget – og særskilt høge søkjartal til lektorprogrammet – vitnar om at unge menneske ønskjer å orientera seg i ei krevjande samtid

¹⁴ Dette kjem fram i ei spørjeundersøking gjennomført av Jan Fredrik Hovden og Jostein Gripsrud i 2022. Sjå <https://www.studvest.no/tror-ikke-det-er-feil-a-pasta-at-dette-i-praksis-et-elitestudium/>, Lest 9/3-2023.

¹⁵ Sjå NOU 2019:25, Med rett til å mestre. Struktur og innhold i vidaregåande opplæring: 75 ff.

ved å søkja historisk erkjenning. Høge søkjartal til filosofi kan òg vitna om trong for innsikt og erkjenning mellom unge menneske. Høge søkjartal til digital kultur vitnar om at digitale ferdigheiter er noko unge menneske er opptekne av. Høge søkjartal til engelsk er det naturleg å setja i samanheng med dominansen til det engelske språket og angloamerikansk kultur i svært mange samanhengar. På same tid vitnar truleg populariteten til BA-programmet i japansk òg om utvikling i populærkulturen.

Etter- og vidareutdanning (EVU)

Det er alt 55 aktive EVU-tilbod ved HF, med til saman 78 emne (jf. appendiks, Tabell 4). Dette gjer HF til det største EVU-fakultetet på UiB, trass i ein stor vekst òg ved dei andre fakulteta dei seinare åra. I den nye UiB-strategien heiter det at UiB skal styrkjast «som en arena for livslang læring og videreutvikle forskningsbaserte, fleksible etter- og vidareutdanningstilbud i samsvar med UiBs profil».¹⁶ Formuleringa inneber at EVU vil vera eit viktig satsingsområde på UiB frametter. Men dette betyr ikkje nødvendigvis at det er *omfanget* av EVU som skal aukast. Kva profil EVU-satsinga til UiB skal ha, må uansett operasjonaliserast på fakultetsnivået. Slik sett er det no eit godt høve til å diskutera kva strategiske val HF bør ta på EVU-området frametter.

Dei fleste EVU-tilboda ved HF finst ved IF, dei andre finn ein ved LLE og ved AHKR. I porteføljen finst det i alt tre masterprogram. Om lag halvdelen av tilboda er eigenfinansierte, dvs. seia gjennom studiepoeng. 16 tilbod er fullt ut eksternfinansierte. 15 tilbod – dette gjeld mellom anna emna som til saman utgjer masterprogrammet Religious Minorities, samt emne i arabisk og spansk – er finansierte gjennom ein kombinasjon av studiepoeng og studentbetaling. 14 av dei fullt ut eksternfinansierte tilboda sorterer under tilskotsordninga «Kompetanse for kvalitet» (KFK). Dette er ei statleg ordning som vart oppretta for å gje lærarar moglegheit til å styrkja undervisningskompetansen sin innanfor faga norsk, engelsk, norsk som andrespråk, samisk og matematikk. Lærarar er målgruppa òg for ei rekkje emne innanfor framandspråka fransk, tysk, spansk og fransk, og for to erfaringsbaserte masterprogram (engelsk og norsk). Lærarar er likeins målgruppa for emnet «Undervisning i kontroversielle tema» (AHKR). Ved AHKR finst det òg nokre EVU-emne som er retta mot

¹⁶ Strategi for Universitetet i Bergen 2023-2030.

tilsette i museumssektoren, forutan to fullt ut eksternfinansierte emne som er betalt av Norsk Sjukepleiarforbund.

For HF – som ved dei andre fakulteta ved UiB – må EVU tilpassast kjerneverksemda, dvs. undervisningsoppgåvene som knyter seg til dei basisfinansierte studieplassane ein har fått tildelt, i tillegg til forskingsverksemda. Men EVU kan vera god butikk og det kan vera del av ein strategi der ein vil styrkja enkelte fagområde. Økonomien på EVU-området er likevel komplisert. I utgangspunktet er dei studiepoengfinansierende tilboda greie på inntektssida. Men det er avgrensa kor mykje det enkelte fagmiljøet sit att med av reie pengar, sidan ein betydeleg del av inntektene går til å betala for institusjonen UiB sine transaksjonskostnadar. EVU-tilbod inneber òg ein stor risiko på utgiftssida, sidan det er krevjande å treffa med estimat på rekrutteringspotensialet. Det som kan arta seg som eit lønsamt tilbod, er ikkje nødvendigvis lønsamt på sikt. Problemet kan då vera at fagmiljøet har bunde opp ressursar for å drifta det aktuelle tilbodet. Om ein skal tilby EVU-opplegg gratis, er føresetnaden eit stort volum med minst mogleg kostnadar, slik at profitten aukar jo fleire studentar ein har.

Det er såleis sentralt å sjå EVU-tilbod i lys av den aktiviteten elles på HF. Når ein ser på den gjeldande EVU-porteføljen ved fakultetet, er denne nært knytt til HF som eit lektorutdanningsfakultet, med tilsette i skuleverket som ei sentral målgruppe. Dette vil truleg òg vera tilfellet i framtida. Men på dette området reiser det seg nokre utviklingsdrag som fakultetet må ta omsyn til. I NOU 2022:13 «Med vidare betyding, om et helskaplig system for kompetanseutvikling i barnehage og skole», føreslår ein at dei rådande tilskotsordningane innanfor etter- og vidareutdanning av lærarar skal slåast saman i éi ordning.¹⁷ Dette vil ha konsekvensar for KFK-ordninga. KFK retta seg mot lærarar innanfor kun ei gruppe av fag, som rett nok var gunstig for HF. Men med samanslåing av rådande tilskotsordningar, er tanken å etablera nye karriereveggar for *alle* lærarar, men på ein måte som ikkje nødvendigvis inneber at det er kompetansen i utvalde undervisningsfag som skal styrkast. Av dei fire karrierevegane er likevel «Fag og skoleutvikling» noko som kan ramma inn HF si satsing på EVU retta mot lærarar dei komande åra. Dette området siktar til å utvikla generiske kompetansar som kan vera aktuelt i mange undervisningssituasjonar. Eitt slikt område av dei eksisterande EVU-tilboda ved HF er til dømes tilbodet undervisning kontroversielle tema.

I NOUen vert det òg teke til orde for at alle lærarar skal ha rett til å kunna bruka 10 prosent av arbeidstida si til etter- og vidareutdanning, noko som kan opna opp ein stor


¹⁷ NOU 2022:13 Med vidare betyding, om et helskaplig system for kompetanseutvikling i barnehage og skole.

marknad. Eit tilleggsmoment her er at EVU-tilbod som er omfatta av nye tilskotsordningar, må utviklast innanfor rammene av regionale partnerskap, altså i samarbeid mellom skuleeigarar og UH-institusjonar. Her er det mange moglegheiter, men det krev godt samarbeid for at ein ikkje skal koma i ein situasjon med kannibalisme av tilbod mellom institusjonar. Ei slik ordning føreset uansett at UiB evnar å posisjonera seg i høve til desse partnerskapa og utvikla attraktive tilbod som vil vera etterspurde blant skuleeigarar i regionen. Dette føreset òg godt internt samarbeid på UiB, mellom fakulteta og det nyoppretta Lektorsenteret.

Kva må HF ta stilling til i vidareutviklinga av studieporteføljen?

Kva seier denne gjennomgangen om korleis fakultetet bør gripa an vidareutviklinga av studieporteføljen ved HF? Dette vert det til sjuande og sist opp til fakultetsstyret å avgjera.

Men som eit utgangspunkt for ein slik diskusjon, kan det vera verdt å teikna opp nokre alternativ for kva studieporteføljen ved eit humanistisk fakultet er og kan vera. Ved HF ved Universitetet i Oslo har ein utvikla ein modell som er eigna til å fanga inn dette:



Kjelde: Presentasjon av studiedekan ved HF, UiO, Gunn Enli

Ein humanistisk studieportefølje kan for det første organiserast ut frå målet om å vera ein *studentfabrikk*. Her handlar det om å konsentrera ressursane til nokre få, sterke disiplinifag

med stor studenttilstrøyming, og å nedprioritera fag med lita rekruttering. Motsett kan ein konsolidera rolla som *beredskapsfakultet*, der det handlar om å oppretthalda eit mangfald av disiplinar og å satsa på heile BA- og MA-grader. Her vil studieporteføljen såleis vera prega av stor spreiiing. Innhaldet i baa desse strategiane – sjølv om dei har vidt ulike implikasjonar – er prega av ei disiplinifagleg orientering. Det motsette av dette vil vera å satsa på tverrfagelegheit. Her kan ein på den eine sida byggja ut studieporteføljen med mål om å verta eit *arbeidslivsfakultet*. Her vil studieporteføljen vera prega av reine profesjonsprogram – som lektorutdanningsprogram – eller program med emnepakkar som er sett saman av marknadsretta kombinasjonar. I denne kategorien kjem òg program med høg arbeidslivsrelevans og med mål om å rekruttera særskilt sterke studentar, som t.d. eit FPØ-program (Filosofi, politikk og økonomi). Denne kategorien er som studentfabrikk-kategorien prega av at ressursane er konsentrerte. Ein annan kategori på tverrfagelegheitsaksen er å vera eit *EVU-fakultet*. Her vil studieporteføljen vera prega av mange kombinasjonsmoglegheiter, fritt samansette grader, tverrfakultært samarbeid og meir satsing på årsstudium enn grader. Denne kategorien er såleis prega av stor spreiiing.¹⁸

Studieporteføljen ved HF, UiB, har innslag av alle desse kategoriane. Gjennomgangen har likevel vist at han i sterkast grad er prega av at HF er eit beredskapsfakultet. Ein kan òg argumentera for at i den grad porteføljen har innslag frå andre kategoriar, tener dette til å underbyggja beredsskapsfunksjonen. Dette gjeld i særskilt grad ved at studentfabrikkspreget er ein føresetnad for beredskapsfunksjonen. Systemet med overbooking ved dei mest populære studieprogramma ved kvart opptak er med på å sikra at det er ressursar til å driva disiplinorienterte program med mykje mindre studenttilstrøyming. Vidare kan det hevdast at ein stor del av EVU-porteføljen ved HF reelt sett er ein reiskap for å underbyggja eit stort omfang av den disiplinifageleg porteføljen. På same vis er breidda av lektorprogramporteføljen ved HF i noko mon òg eit argument for å halda oppe stor disiplinifageleg breidde.

Det er mange argument for at HF, UiB, skal halda fram med å vera eit beredskapsfakultet, med ein overvegande disiplinifagleg oppbygd studieportefølje. Men som vi har diskutert ovanfor, er ikkje dette ein strategi som nødvendigvis er kompatibel med dei økonomiske rammene for høgare utdanning i framtida. Det heller ikkje ein strategi som nødvendigvis er tilpassa forventningar og føresetnadar hjå unge menneske, som er målgruppa

¹⁸ Dette byggjer på ein modell som vart presentert av studiedekan ved HF, UiO, Gunn Enli på HF sin fakultetsleiarkonferanse i Bergen 21/2-2023.

for det HF har å tilby av studiar. Og om ein legg til grunn at vi har ein studieportefølje ved HF som ikkje er økonomisk berekraftig, ligg ikkje løysinga i å reindyrka det disiplinlegelege preget enda meir eller å vidareutvikla HF si rolle som eit beredskapsfakultet. Om undervisningstilbodet ved HF må tilpassast bemanningssituasjonen, inneber dette at omfanget av studietilbodet må ned, og då må det sanerast i den disiplinlegelege delen av porteføljen.

Fakultetsstyret må ta stilling til retninga for ei slik sanering. For det første må det etablerast nokre prinsipp for kva som skal vera avgjerande for å halda oppe og å vidareutvikla eit studietilbod: Er det søkjar- og oppmøtetal over tid, studiekvalitet eller samfunnsmessige behov? I kva grad er det eit mål at HF skal halda oppe fullskala tilbod (årsstudium, BA, MA, 5LU) i alle fag der det er aktuelt? Kan nokre tilbod inngå i andre studieprogram? Kan nokre av dei eksisterande studieprogramma vera utgangspunkt for å etablere heilt nye program?

Meir overordna handlar desse spørsmåla om HF skal vri utviklinga av studieporteføljen sin meir i retning av å vera ein studentfabrikk, eit arbeidslivsfakultet eller eit EVU-fakultet. Den siste kategorien er her den som er minst i tråd med HF sitt samfunnsoppdrag. EVU er i røynda noko vi gjer i tillegg til kjerneverksemda vår på undervisningssida, som er å forvalta studieplassane som vi er tildelte gjennom basisløyvinga som UiB får frå departementet. Å reindyrka studentfabrikkpreget enda meir, vil ha store interne omkostningar, sidan dette vil krevja store kutt i den delen av studieporteføljen som ikkje er økonomisk berekraftig. Dette er òg lite tilfredsstillande ut frå eit studiekvalitetsperspektiv. Prinsippet med høg overbooking av dei mest populære studieprogramma ved kvart opptak for å sikra den samla økonomiske berekrafta, fører med seg mykje frustrasjon. Dette gjeld først og fremst ved at dei mest populære programma må ta opp mange fleire studentar enn dei er dimensjonerte for.

Det er difor mange argument for at vidareutviklinga av HF sin studieportefølje må skje i retning av å styrkja rolla som arbeidslivsfakultet. Det er i røynda dette som kan gje oss det handlingsrommet vi treng for å forvalta studieplassane – og med dette stillingsressursane – våre på ein berekraftig måte. Her kan ein òg slå fast det alt er prosessar i gang. Lektorutdanninga ved UiB er inne i ein redesignprosess. Det er avgjerande for utviklinga av HF sine lektorprogram og store delar av studieporteføljen vår elles at denne vert implementert på ein god og berekraftig måte ved fakultetet. Lektorprogramma har ikkje berre ein klar arbeidslivsrelevans. Dei kan òg sjåast som eit tilbod retta mot særskilt motiverte studentar, og har slik synergjar for HF som heilskap. I tillegg er det no sett i gang eit initiativ for å etablere eit FPØ-program, i eit samarbeid mellom HF og SV-fakultetet. Berekraftmasteren som kom i

gang på SVT frå studiestarten 2021 er òg eit element i denne diskusjonen. Dei høge søkjartala til dette programmet vitnar om at det vert oppfatta å ha høg arbeidslivsrelevans.

Det er på same tid klart at det knyter seg mange utfordringar til å vri studieporteføljen meir i retning av arbeidslivsfakultetet. For det første må det gjerast kvalifiserte analysar av kva type av studietilbod som i størst grad vil svara til dei forventningane ei slik dreining er meint å innfri. Populariteten til slike tilbod kan òg skifta over tid. Likeins må nye studieprogram sikra at fagmiljøet i tilknytning er robust nok, slik at det faktisk er berekraftig. Det knyter seg likeins mange studieadministrative utfordringar knytt til tverrfaglege program, og særskilt til tverrfakultære program. Konkret byr det gjerne på problem at mange av studieprogramma ved HF har 15 studiepoengs emne, medan det gjerne er 10 eller mindre på andre fakultet ved UiB.

Først og sist vil det likevel vera fagleg-politiske vurderingar som må liggja til grunn for å vri studieporteføljen i ei slik retning. For det første vert det eit spørsmål *kor langt* ein kan gå. Det ligg likeins truleg eit potensiale innanfor rammene av den disiplinbaserte studieporteføljen for i sterkare grad å synleggjera arbeidsrelevansen i desse studieprogramma. Likeins ligg det moglegheiter i å utvikla samarbeid med arbeidslivet i større grad, til dømes ved å etablera praksisemne knytt til fleire av dei disiplinlege programma. HF har fleire praksisemne retta mot arbeidslivet. Men det er heilt klart eit potensiale for å etablera fleire slike, men òg å arbeida med systematikk og heilskap knytt til dette. Ikkje minst bør det utviklast ein strategi for korleis praksisemne i større grad kan inngå som ein integrert del av studieprogramma ved HF.

Det er òg klart at HF-faga er ulike, og med dette har ulike føresetnadar for å inngå i tverrfaglege samarbeid. Innanfor språkfaga, og særskilt innanfor dei mest krevjande språkfaga, ligg det ein ferdigheitskomponent som studentane bruker lang tid på å tileigna seg. Det er ikkje gjeve at desse faga let seg inngå i meir tverrfaglege program. Ein kan òg argumentera for at det å ta ein språkleg grad i all si breidde – med kompetanse innanfor språk, litteratur og kultur/samfunn – både har ein eigenverdi og representerer ein kvalifikasjon som det ikkje er mogleg å oppnå innanfor meir kombinerte typar av grader. Dette spørsmålet reiser såleis spørsmålet om i kva grad ein skal satsa på «reine» språkstudium eller ikkje. På ei anna side er det mogleg å tenkja seg graderte løysingar, der element innanfor nokre av språkfaga kan kombinerast med andre fag. Her ligg det heilt klart synergjar i samarbeid mellom språk og samfunnsvitskaplege fag og språk og historie og kulturfag. Men før ein satsar på den eine eller det andre, må ein ha klart føre seg kva gevinstar og kostnader vil vera.

I denne rapporten har vi først og fremst gjort nokre overordna analysar av dei kontekstane som studieporteføljen ved HF går inn som del av, i tillegg til at vi har presentert ei rekkje kvantitative data knytt til studieporteføljen. Vi har ikkje gått inn på faktorarar som sjølve oppbygginga av studieprogramma, og diskutert om det er råd å gjera noko med dette for å styrkja rekruttering og studentane si gjennomføring. Vi har heller ikkje diskutert tilhøve knytt til sjølve undervisninga i programma: Er det ein samanheng mellom studentaktive læringsformer og gjennomføring, til dømes? Og ligg det moglegheiter i å auka innslaget av digitale læringsformer? Er det sosiale og trivselsmessige tilhøve knytt til det enkelte studieprogrammet som har noko å seia for studentane si gjennomføring?¹⁹ Med bakgrunn i at utgangspunktet for denne rapporten var at studieporteføljen ved HF ikkje er økonomisk berekraftig, står det òg att å diskutera kva tiltak som eventuelt kan tena til å få ned kostnadane knytt til undervisninga. Eitt utgangsspørsmål er sjølvstilt om det vert undervist for mykje i studieprogramma. Det er òg spørsmål knytt til emneporteføljen, om det er for mange emne som vert tilbydde innanfor ein del program. Vidare ligg det truleg tiltak knytt til vurderingsmåtane i studieprogramma som ein bør ta stilling til.

Tiltak

Prosjektgruppa vil føreslå følgjande tiltak i det vidare arbeidet med HF sin studieportefølje:

- 1) Å vidareføra prosessar som er i gang:
 - Syta for at ein ny modell for lektorutdanninga vert implementert på ein god måte. Her må fakultetet ta ei aktiv rolle overfor dei involverte fagmiljøa og syta for ressursar til dette der det er påkravd.
 - Få etablert eit tverrfakultært BA-program i FPØ
- 2) Setja i gang ein grundig gjennomgang av studieprogramporteføljen ved HF, ut frå følgjande føresetnader:
 - Det må identifiserast på kva program det er særskilte utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring.
 - Forenkling av program- og emneportefølje. Dette kan innebera nedlegging eller omorganisering av ein del program og tilbod ut frå klart etablerte føresetnader.
 - Å arbeida med tiltak for å styrkja kvaliteten i eksisterande program.
 - Å vurderer å oppretta program med tverrfagleg profil med klar arbeidsrelevans.


¹⁹ I resultatata frå SHOT-undersøkinga frå 2022 er det mykje som tyder på dette.

- 3) Kostnadssparande tiltak:
 - Identifisera område der det er mogleg å bruka undervisningsressursar på tvers av fag.
 - Å gjennomgå vurderingsformer med tanke på å få ned kostnadar
- 4) Å utvikla ein strategi for korleis HF skal arbeida med studentaktive læringsformer og digitale læringsformer.
- 5) Utvikla ein overordna strategi for korleis HF skal arbeida med EVU.

Appendix


Figur 1:

AHKR: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbodstal




Figur 2:

AHKR: Møtte på programtypar




Figur 3:

LLE: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbodstal




Figur 4:

LLE: Møtte på programstypar




Figur 5:

IF: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbudstal




Figur 6:

IF: Møtte på programtyper:




Figur 7:

FoF: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbodstal




Figur 8:

FoF: Møtt på programtypar




Figur 9:

SKOK: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbødstal




Figur 10:

SKOK: Møtt på programtypar



Figur 11:

SVT: Studieplassar, søkjar-, møtt- og tilbodstal



Tabell 1: Gjennomføring på normert tid. BA

Sted	Fagområde	Studieprogram	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gjennomsnitt	
AHR	Arkeologi	Bachelorprogram i arkeologi			37,0	33,3	32,4	25,0	26,1	27,8	31,0	32,5	34,6	31,0	31,3	
	Historie	Bachelorprogram i historie			35,4	34,8	29,0	28,0	34,6	30,2	32,8	37,0	23,1	21,9	30,5	
	Kulturvitenskap	Bachelorprogram i kulturvitenskap			33,3	42,9	21,9	31,3	8,3	61,1	50,0	6,3	34,8	34,8	33,9	
	Middelalder	Bachelorprogram i middelalderstudier	23,8	30,0											26,8	
	Midtøsten	Bachelorprogram i midtøstenkunnskap	23,5	36,7	21,9										28,7	
	Religionsvitenskap	Bachelorprogram i religionsvitenskap			42,9	20,0	24,3	20,0	34,6	20,0	31,8	15,4	18,8	42,3	27,2	
	Tverrfaglige emner - AHR	Bachelorprogram i antikke studier	37,0	29,6	50,0											37,5
		Bachelorprogram i europastudier	32,6	27,5	59,1											35,3
		Bachelorprogram i historie- og kulturfag	32,1	36,4												34,6
	Total		30,9	34,2	37,2	33,9	27,8	26,8	30,9	31,0	34,2	32,6	26,3	27,5	31,3	
FOF	Filosofi	Bachelorprogram i filosofi			22,4	25,6	22,4	22,7	25,7	21,3	14,7	19,6	26,8	22,8	22,4	
		Bachelorprogram i retorikk	36,8	15,4	35,3	21,4	23,1	23,1	47,4	36,4	18,8	11,1	35,7	25,0	26,3	
	Total	36,8	15,4	25,8	23,9	22,6	22,9	33,3	24,1	16,0	17,4	29,1	23,2	23,7		
IF	Arabisk	Bachelorprogram i arabisk			22,2	35,3	0,0	15,4	5,3	25,0	23,1	11,1	8,7	0,0	13,7	
	Engelsk	Bachelorprogram i engelsk			25,6	17,3	20,3	23,4	22,4	20,5	12,5	16,5	18,5	21,7	20,0	
		Bachelorprogram i USA-studier	21,2	11,9	5,9										14,1	
	Fransk	Bachelorprogram i fransk			40,0	38,1	43,8	18,2	36,4	20,0	16,7	36,4	28,6	13,3	30,2	
	Italiensk	Bachelorprogram i italiensk			37,5	18,2	18,2	13,3	11,1	16,7	0,0	27,3	14,3	25,0	16,8	
	Japansk	Bachelorprogram i japansk			50,0	16,7	25,5	30,0	24,1	17,8	22,9	36,7	26,7	16,7	23,6	
	Kinesisk	Bachelorprogram i kinesisk						25,0	100,0	18,5	100,0	24,2	16,0	33,3	24,4	
	Russisk	Bachelorprogram i russisk			23,8	29,2	28,6	9,5	26,3	25,0	35,0	10,7	22,2	13,6	21,8	
	Spansk	Bachelorprogram i latinamerikastudier	14,8	30,8	25,0										24,4	
		Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium			35,6	34,1	15,0	25,6	30,6	24,2	12,1	28,6	36,0	31,3	27,1	
	Tverrfaglige emner - IF	Bachelorprogram i språk	25,7	27,7											26,8	
		Bachelorprogram i språk og informasjon	25,7	20,0	42,1										29,0	
		Bachelorprogram i språk og interkulturell kommunikasjon	25,0	25,0	27,3	23,8	0,0	14,8							20,8	
	Tysk	Bachelorprogram i tysk			36,4	41,2	26,7	25,0	16,7	27,3	37,5	25,0	28,6	75,0	32,6	
	Total		24,0	25,3	28,7	25,2	20,2	21,8	23,3	20,9	17,9	21,8	20,9	20,9	22,8	
	LLE	Allmenn litteraturvitenskap	Bachelorprogram i litteraturstudier	47,4	28,6											37,5
			Bachelorprogram i litteraturvitenskap			36,7	31,0	40,4	38,5	28,6	33,3	36,2	42,9	41,5	27,8	35,7
Digital kultur		Bachelorprogram i digital kultur			33,3	26,7	24,3	26,3	16,7	30,2	34,0	32,6	40,9	24,7	29,6	
Klassisk		Bachelorprogram i gresk			33,3	0,0	50,0	0,0	33,3						25,0	
		Bachelorprogram i klassisk filologi									0,0	20,0	33,3	0,0	15,4	
		Bachelorprogram i latin			20,0	33,3	0,0	12,5	0,0	0,0					13,6	
Kunsthistorie		Bachelorprogram i kunsthistorie			39,1	33,3	37,0	38,9	43,6	36,4	28,6	57,9	18,2	37,9	37,0	
Lingvistikk		Bachelorprogram i språkvitenskap			46,7	58,3	36,8	46,2	29,2	37,5	27,8	21,7	13,6	46,7	34,9	
Nordisk		Bachelorprogram i nordisk			50,0	36,7	42,9	42,9	36,0						42,0	
		Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur									39,1	33,3	52,4	23,1	47,4	40,0
		Bachelorprogram i norrøn filologi									0,0	50,0	25,0	100,0	33,3	33,3
		Bachelorprogram i norsk som andrespråk									50,0	25,0	18,2	30,8	20,0	27,8
Teatervitenskap		Bachelorprogram i teatervitenskap			38,1	24,1	10,5	31,3	8,7	25,0	42,1	47,8	43,8	42,9	30,6	
Tverrfaglige emner - LLE	Bachelorprogram i estetiske fag	27,7	29,0											28,4		
Total		36,5	28,8	39,6	32,0	33,3	35,2	28,1	33,7	33,2	38,4	34,0	32,3	33,8		
SKOK	SKOK	Bachelorprogram i kjønnsstudier	9,1	40,0	27,3	33,3	18,2	17,6	38,1	7,1	25,0	33,3	23,8	14,3	24,3	
	Total	9,1	40,0	27,3	33,3	18,2	17,6	38,1	7,1	25,0	33,3	23,8	14,3	24,3		
Grand Total			28,6	29,4	34,1	29,3	26,1	26,6	28,1	27,2	27,4	29,2	26,8	26,5	28,4	

Tabell 2: Gjennomføring på normert tid. MA.

Sted	Fagområde	Studieprogram	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	Gjennomsnitt	
AHKR	Arkeologi	Masterprogram i arkeologi	63,6	50,0	56,3	58,3	44,4	41,7	57,1	46,2	0,0	25,0	20,0	23,1	29,4	40,1	
	Historie	Masterprogram i historie	50,0	51,4	37,0	37,9	51,3	51,9	50,0	34,2	45,0	43,6	41,4	45,0	36,8	44,3	
	Kulturvitenskap	Masterprogram i kulturvitenskap	75,0	50,0	55,6	75,0	25,0	28,6	20,0	0,0	0,0	25,0	11,1	0,0	20,0	27,8	
	Region og regionalisering	Masterprogram i region og regionalisering	58,3	37,5	42,9	0,0	60,0	12,5	40,0								37,5
	Religionsvitenskap	Masterprogram i religionsvitenskap	72,7	71,4	63,6	60,0	60,0	77,8	28,6	28,6	37,5	0,0	42,9	40,0	37,5	52,3	
	Total		58,3	51,6	48,6	44,3	50,7	46,0	44,1	32,8	30,0	36,8	34,0	39,1	33,8	42,6	
FOF	Filosofi	Masterprogram i filosofi	37,5	53,3	75,0	42,9	0,0	0,0	8,3	30,0	33,3	22,2	30,8	40,0	14,3	29,6	
	Total		37,5	53,3	75,0	42,9	0,0	0,0	8,3	30,0	33,3	22,2	30,8	40,0	14,3	29,6	
IF	Arabisk	Masterprogram i arabisk	50,0	0,0		0,0		0,0	0,0	0,0	0,0	0,0				11,8	
	Engelsk	Masterprogram i engelsk	47,1	56,3	50,0	76,9	50,0	52,9	46,7	38,5	40,0	60,0	72,2	37,5	31,3	50,5	
	Fransk	Masterprogram i fransk	50,0	20,0	50,0	0,0	50,0	16,7	50,0	25,0	50,0	0,0	0,0	25,0	25,0	24,0	
	Italiensk	Masterprogram i italiensk	100,0		33,3	50,0			100,0	25,0	0,0			16,7		36,8	
	Russisk	Masterprogram i russisk	0,0	25,0	25,0	66,7	100,0	42,9	0,0	50,0	0,0	100,0	0,0	33,3	0,0	28,9	
	Spansk	Masterprogram i spansk og latinamerikastudier	40,0	27,3	55,6	11,1	33,3	55,6	33,3	33,3	33,3	33,3	33,3	33,3	33,3	35,5	
	Tysk	Masterprogram i tysk	20,0	33,3	0,0	0,0	33,3	100,0	0,0	33,3	0,0	0,0	33,3	66,7	16,7	23,1	
	Total		42,2	36,6	46,3	40,0	48,4	46,3	33,3	31,4	31,4	45,2	42,1	34,3	26,8	38,7	
LLE	Allmenn litteraturvitenskap	Masterprogram i allmenn litteraturvitenskap	30,8	0,0	0,0	62,5	42,9	55,6	11,1	46,7	36,4	36,4	33,3	16,7	28,6	30,9	
	Digital kultur	Masterprogram i digital kultur		0,0	0,0	0,0	100,0	33,3	0,0	16,7	12,5	0,0	42,9	57,1	33,3	28,3	
		Masterprogram i humanistisk informatikk	33,3													33,3	
	Klassisk	Masterprogram i gresk	0,0		0,0	0,0		0,0		100,0					0,0	14,3	
		Masterprogram i latin	33,3			33,3			0,0					100,0		37,5	
	Kunsthistorie	Masterprogram i kunsthistorie	50,0	33,3	10,0	75,0	75,0	30,0	33,3	30,0	40,0	25,0	0,0	33,3	11,1	31,3	
	Lingvistik	Masterprogram i datalingvistik og språkteknologi	0,0	0,0	0,0	0,0	100,0	0,0	0,0	0,0						12,5	
		Masterprogram i lingvistik		0,0	33,3	33,3	20,0	87,5	50,0	42,9	0,0	0,0	28,6	0,0	28,6	32,2	
	Nordisk	Masterprogram i nordisk språk og litteratur	50,0	62,5	75,0	50,0	16,7	25,0	25,0	20,0	42,9	50,0	27,3	33,3	66,7	39,5	
		Masterprogram i norrøn filologi		0,0	0,0	100,0	100,0	100,0	66,7	0,0				50,0	33,3	38,9	
	Teatervitenskap	Masterprogram i teatervitenskap	0,0	0,0	20,0	0,0	40,0	66,7	0,0	50,0	0,0	0,0	25,0	0,0	0,0	18,2	
Total		34,4	28,1	15,4	48,7	40,5	46,8	20,0	33,3	29,3	26,2	25,9	30,8	31,5	31,5		
Grand Total		47,8	42,8	40,3	44,4	45,7	45,2	31,6	32,5	30,3	34,5	32,9	35,3	29,9	37,8		

Tabell 3: Gjennomføring på normert tid, 5 LU

Sted	Fagområde	Studieprogram	Studieretning	' 2013	' 2014	' 2015	' 2016	' 2017	' 2018	' 2019	' 2020	' 2021	' 2022	Gjennomsnit	
AHKR	Historie	Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap	Lektor, 8.-13. trinn, historie										50,0	50,0	
		Total											50,0	50,0	
	Religionsvitenskap	Lektorutdanning med master i historie eller religionsvitenskap	Lektor, 8.-13. trinn, religionsvitenskap											26,3	26,3
		Total												26,3	26,3
	Total													38,5	38,5
IF	Engelsk	Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk)	Lektor, 8.-13. trinn, engelsk	20,5	15,4	40,0	28,1	14,6	32,1	34,3	21,9	37,8	39,4	27,7	
		Total	20,5	15,4	40,0	28,1	14,6	32,1	34,3	21,9	37,8	39,4	27,7		
	Tysk	Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk, spansk eller tysk)	Lektor, 8.-13. trinn, tysk											66,7	66,7
		Total												66,7	66,7
	Total			20,5	15,4	40,0	28,1	14,6	32,1	34,3	21,9	37,8	41,7	28,0	
LLE	Nordisk	Lektorutdanning med master i nordisk	Lektor, 8.-13. trinn, nordisk	29,4	14,8	12,5	26,3	15,4	29,7	16,7	29,0	33,3	32,6	24,7	
		Total	29,4	14,8	12,5	26,3	15,4	29,7	16,7	29,0	33,3	32,6	24,7		
	Total	29,4	14,8	12,5	26,3	15,4	29,7	16,7	29,0	33,3	32,6	24,7			
Grand Total				23,0	15,1	23,1	27,5	14,9	30,8	27,1	25,4	35,7	37,3	27,2	

Tabell 4: EVU-tilbod ved HF

AVDELINGSNAVN	STUDIEPROGRAM	EMNEKODE	EMNENAVERN	STUDIENR	STUDIENR	STATUS	Termin	År	FINANSTYPE	Finansieringskilde	Prosent egenfinansiering
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	AHS202-F	AHS202-F-0	Erfaring, kunnskap og profesjon	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	Oppdrag: NSF	0
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	AHS203-F	AHS203-F-0	Virksomhet, profesjon, samfunn	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	Oppdrag: NSF	0
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	HRDID600	HRDID600-0	Undervisning i kontroversielle tema	LN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	MUSE620	MUSE620-0	Å forske i og på museum	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	MUSE621	MUSE621-0	Vitenskapelig publisering for museumsansatte	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN649-(Discrimination Against Religious Minorities Worldwi	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN648-(What is a "religion"?	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN647-(Multiculturalism	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN650-(Religious Minorities Master's Thesis	HN	30	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN645-(Middle Eastern Churches in the 20th and 21st Centur	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN644-(Sami History after 1751	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN643-(Religious Minorities in Israel	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN642-(Dissent and Religious Minorities	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN641-(Buddhism in Contemporary India	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN640-(Ethno-Religious Minorities in Central and Eastern Eu	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN639-(Latter Day Saints and Society in the West, c. 1830-195	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN638-(Teaching Religion and the Representation of Minorit	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN637-(The Yezidis	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN636-(Christianity in Contemporary China and India	HN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitens	VID-RELMIN	RELMIN646-(Freedom of Religion	HN	10	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	61
Institutt for fremmedspråk	ARA621	ARA621-0	Arabisk språk og kultur	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for fremmedspråk	ARA622	ARA622-0	Grunnkurs i moderne standardarabisk	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for fremmedspråk	ENG621	ENG621-0	Engelsk 1a: Utvikling av språklig og kommunikativ ko	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	ENG622	ENG622-0	Engelsk 1b: Utvikling av tekstkompetanse i engelsksfæ	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	ENG623	ENG623-0	Engelsk 2a: Utvikling av dannings og interkulturell ko	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	ENG624	ENG624-0	Engelsk 2b: Språk og diskurs i et kommunikasjons- og	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	FRAN620	FRAN620-0	Fransk grammatikk 1	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	FRAN621	FRAN621-0	Fransk grammatikk 2	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	FRAN622	FRAN622-0	Innføring i fransk litteratur	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	FRAN623	FRAN623-0	Fransk litterær analyse	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	FRAN624	FRAN624-0	Fransk kulturkunnskap og frankofoni	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	FRANSK621	FRANSK621-0	Fransk 1a: Fransk språk, kultur, litteratur og språkdid	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	FRANSK622	FRANSK622-0	Fransk 1b: Fransk språk, kultur, litteratur og språkdid	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	ITAL620	ITAL620-0	Innføring i italienskstudium (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	ITAL621	ITAL621-0	Italiensk språk 1 (nettbasert)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	ITAL624	ITAL624-0	Italiensk språk 2 (nettbasert)	LN	10	Nytt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SEK600	SEK600-0	Sammenlignende europeiske kulturstudier	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SLAN640	SLAN640-0	Fordypning i spansk språk	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for fremmedspråk	SLAN641	SLAN641-0	Fordypning i latinamerikansk litteratur	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for fremmedspråk	SLAN642	SLAN642-0	Fordypning i latinamerikansk kulturkunnskap	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for fremmedspråk	SPANSK621	SPANSK621-0	Spansk 1a: Språklæring, spansk språk og kommunikas	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	SPANSK622	SPANSK622-0	Spansk 1b: Spansk språk, kultur og samfunn	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	SPLA627	SPLA627-0	Spansk grammatikk I (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SPLA628	SPLA628-0	Latinamerikansk litteratur og kultur I (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SPLA629	SPLA629-0	Latinamerikansk historie (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SPLA637	SPLA637-0	Spansk II	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SPLA638	SPLA638-0	Latinamerikansk litteratur og kultur II (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	SPLA639	SPLA639-0	Kultur og samfunn i Latin-Amerika (nett)	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYS625	TYS625-0	Grunnne i tysk språk I, nettbasert	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYS626	TYS626-0	Tyskspråkleg kultur, nettbasert	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYS627	TYS627-0	Tysk språk og tekstkunnskap, nettbasert	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYS635	TYS635-0	Grunnne i tysk språk II, nettbasert	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYS636	TYS636-0	Tyskspråkleg litteratur, nettbasert	LN	10	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	TYSK621	TYSK621-0	Tysk 1a: Språk, kultur og fremmedspråksdidaktikk	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	TYSK622	TYSK622-0	Tysk 1b: Språk, kultur og digital kompetanse	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU641	Engelsk språk	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU642	Engelskspråklig litteratur	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU643	Engelsk fagdidaktikk (i Erfaringsbasert master i under	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU644	Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling	HN	15	Nytt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU650	Erfaringsbasert masteroppgave i undervisning med f	HN	60	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for fremmedspråk	VID-MAUENG	ENGMAU651	Fellesemne: Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling	HN	0	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	HERMOD620	HERMOD620	Hermod: Kommunikasjon av forskning, kultur og forv	LN	10	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	28
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NOLI102-F	NOLI102-F-0	Litteratur etter 1900	LN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NOLI103-F	NOLI103-F-0	Nordisk: Den eldre litteraturen (Fjernord)	LN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORAN602	NORAN602-0	Norsk språk som andrespråk (fjernstudium)	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORAN604	NORAN604-0	Andrespråklæring og -undervisning	LN	15	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORAN609	NORAN609-0	Testing og vurdering av språkferdigheter	LN	5	Aktivt	HØST	2022	BLANDET	Studentbetaling + st	53
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORSK621	NORSK621-0	Norsk 1, modul A. Nordisk litteratur 1: Tekstkunnska	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORSK622	NORSK622-0	Norsk 1, modul B. Nordisk språk 1: Modernespråk	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORSK623	NORSK623-0	Norsk 2, modul A. Nordisk språk 2: Språkhistorie og t	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NORSK624	NORSK624-0	Norsk 2, modul B. Nordisk litteratur 2: Teksthistorie	LN	15	Aktivt	HØST	2022	EKSTERNT	KFK	0
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NOSP102-F	NOSP102-F-0	Nordisk: Moderne språk (Fjernord)	LN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	NOSP103-F	NOSP103-F-0	Nordisk: Språkhistorie og taleml (Fjernord)	LN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	VID-MAUNOR	NORMAU643	Norsk fagdidaktikk for master i undervisning	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	VID-MAUNOR	NORMAU651	Fellesemne: Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling	HN	0	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	VID-MAUNOR	NORMAU642	Litteraturteori og metode for erfaringsbasert master	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	VID-MAUNOR	NORMAU650	Erfaringsbasert masteroppgave i undervisning med f	HN	60	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier	VID-MAUNOR	NORMAU641	Språkkunnskap for erfaringsbasert master i undervis	HN	15	Aktivt	HØST	2022	INTERNT	Studiepoeng	100

Tabell 5: Bachelorprogram i nordisk språk og litteratur, Antall sensurerte på emnet per studierett

		2020	2021	2022
EMNEKODE	STUDIEPROGRAMKODE	Total	Total	Total
NOLI102	BAHF-NOLIS	10	12	5
	BAHF-NORAN	3	2	3
	MAHF-LÆFR	2		
	MAHF-LÆHR	21	12	14
	MAHF-LÆNO	40	38	25
	ÅRHF-NOR	13	10	11
	Andre	12	12	7
	Total	101	86	65
NOLI103	BAHF-NOLIS	13	18	4
	BAHF-NORAN	1		
	MAHF-LÆHR	1		
	ÅRHF-NOR	11	15	7
	Andre	15	14	9
	Total	41	47	20
NOLI250	BAHF-NOLIS	12	5	4
	MAHF-LÆNO		1	1
	Andre	2	2	1
	Total	14	8	6
NORD100	BAHF-NOFI	6	2	4
	BAHF-NOLIS	17	10	5
	BAHF-NORAN	5	3	2
	Andre	0	0	0
	Total	28	15	11
NOSP105	BAHF-NOFI		1	
	BAHF-NOLIS	13	16	8
	MAHF-LÆFR	3		1
	MAHF-LÆHR	19	12	11
	MAHF-LÆNO	39	40	24
	ÅRHF-NOR	13	15	6
	Andre	13	11	6
	Total	100	95	56
NOSP106	BAHF-NOFI			1
	BAHF-NOLIS	16	19	8
	MAHF-LÆNO	1		
	ÅRHF-NOR	12	15	9
	Andre	8	13	7
	Total	37	47	25
NOSP256	BAHF-NOLIS		2	3
	Andre	1	0	0
	Total	1	2	3
NOSP257	BAHF-NOLIS	1		
	Total	1		
NOSPAN101	BAHF-NOLIS	12	14	9
	BAHF-NORAN	4	3	1
	MAHF-LÆFR	3		
	MAHF-LÆHR	21	12	15
	MAHF-LÆNO	41	40	27
	ÅRHF-NOR	15	9	13
	ÅRHF-NORAN	8	9	10
	Andre	14	29	12
	Total	118	116	87
Grand Total		441	416	273

Tabell 6: Bachelorprogram i
relgionsvitenskap, Antall sensurerte
på emnet per studierett

		2020	2021	2022
EMNEKOD	STUDIEPROGRAMKODE	Total	Total	Total
RELV100	BAHF-RELV	12	5	4
	MAHF-LÆHR	45	25	27
	Andre	6	9	10
	Total	63	39	41
RELV101	BAHF-RELV	9	12	6
	MAHF-LÆFR	2	3	4
	MAHF-LÆHR	27	37	24
	MAHF-LÆNO	13	3	2
	ÅRHF-RELV	20	9	19
	Andre	16	12	10
	Total	87	76	65
RELV102	BAHF-RELV	21	21	8
	MAHF-LÆFR	2	5	2
	MAHF-LÆHR	26	35	20
	MAHF-LÆNO	12	5	5
	ÅRHF-RELV	19	32	16
	Andre	27	32	12
	Total	107	130	63
RELV103	BAHF-RELV	21	25	8
	MAHF-LÆHR	1		
	ÅRHF-RELV	19	28	15
	Andre	25	22	9
	Total	66	75	32
RELVI250	BAHF-RELV	6	13	8
	MAHF-LÆNO			1
	Andre	0	1	1
	Total	6	14	10
Grand Total		329	334	211

Tabell 7: Bachelorprogrammet i tysk, Antall sensurerte på emnet per studierett

		2020	2021	2022
EMNEKODE	STUDIEPROGRAMKODE	Total	Total	Total
TYS100	BAHF-TYS	11	9	6
	Andre	9	2	7
	Total	20	11	13
TYS105	BAHF-TYS	2	8	5
	MAHF-LÆFR	2	3	4
	MAHF-LÆHR			1
	ÅRHF-TYS	2	2	
	Andre	6	10	1
	Total	12	23	11
TYS106	BAHF-TYS	2	9	4
	MAHF-LÆFR	2	3	4
	MAHF-LÆHR			1
	ÅRHF-TYS	1	2	
	Andre	7	6	5
	Total	12	20	14
TYS107	BAHF-TYS	2	8	4
	MAHF-LÆFR	2	3	4
	MAHF-LÆHR			1
	ÅRHF-TYS	1	2	
	Andre	3	5	1
	Total	8	18	10
TYS115	BAHF-TYS	2	8	
	MAHF-LÆFR	2	3	3
	MAHF-LÆHR			1
	ÅRHF-TYS	1		
	Andre	4	2	0
	Total	9	13	4
TYS116	BAHF-TYS	3	3	2
	MAHF-LÆFR	2	3	3
	MAHF-LÆHR			1
	ÅRHF-TYS	1		
	Andre	5	4	5
	Total	11	10	11
TYS201	BAHF-TYS	4		4
	Andre	2	0	3
	Total	6		7
TYS206	BAHF-TYS		1	1
	Andre		2	1
	Total		3	2
TYS251	BAHF-TYS		2	
	MAHF-LÆFR	2		
	Andre	0	0	0
	Total	2	2	
TYS256	BAHF-TYS	3		3
	MAHF-LÆFR	1		1
	MAHF-LÆHR	1		
	Andre	0	0	1
	Total	5		5
Grand Total		85	100	77